

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 12.12.2018
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Det vert orientering ved rådmannen i Vanylven.

Fosnavåg, 05.12.2018

Arnulf Goksøyr
ordfører

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 236/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 237/18	Protokoll frå førre møte
PS 238/18	Referatsaker
PS 239/18	Detaljregulering - Reguleringsendring Nærøya - utlegging til offentlig ettersyn
PS 240/18	Kommunedelplan for helse og omsorg - utlegging til offentlig ettersyn
PS 241/18	Søknad om førehandsgodkjenning av startlån og tilskot til etablering
PS 242/18	U.off. § 13 - Søknad om startlån og tilskot til etablering
PS 243/18	U.off. §13 - Søknad om startlån og tilskot til etablering

Referatsaker

RS 55/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 23.05.2018.
RS 56/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 18.06.2018.
RS 57/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 18.04.2018.
RS 58/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 19.09.2018.
RS 59/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 21.11.2018.
RS 60/18	Vedtak frå Volda kommunestyre - Søre Sunnmøre Tingrett - Domstolgrense
RS 61/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 24.01.2018
RS 62/18	Referat frå møte i ungdomsrådet 21.03.2018.
RS 63/18	Etablering av pelagisk fiskemottak på Mjølstadneset.
RS 64/18	Nærøykrysset - status pr. november 2018

PS 236/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 237/18 Protokoll frå førre møte

PS 238/18 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2018/780
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
239/18	Formannskapet	12.12.2018

DETALJREGULERING - REGULERINGSENDRING NÆRØYA - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at
Reguleringsendring for Nærøya vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

Særutskrift:
Utviklingsavdelinga

Vedlegg

- 1 Plankart Nærøya datert 18.07.2018
- 2 Reguleringsføresegner Nærøya, datert 29.11.2018
- 3 Planomtale Nærøya, datert 02.08.2018
- 4 Project3 - Sheet - A00 - Situasjonsplan (A3H)
- 5 Project3 - Sheet - A55 - Diverse perspektiv II (A3H)
- 6 Project3 - Sheet - A54 - Diverse perspektiv I (A3H)
- 7 Solstudie 1 mai
- 8 01. Hundane bustadfelt 05.10.2018
- 9 02. Fylkesmannen i Møre og Romsdal 04.10.2018
- 10 03. Møre og Romsdal fylkeskommune 27.09.2018
- 11 04. Statens vegvesen 12.09.2018

Samandrag av saka:

B. Tarberg søker på vegne tiltakshavar, Sjøkanten AS, om ei reguleringsendring etter plan- og bygningslova § 12-14. Reguleringsendringa er avgrensa til ei endring av formåla innanfor ei ytre ramme. Arealet er i gjeldande plan avsett til bustadar(konsentrert og frittliggande), offentlig køyreveg, promenade, kai og leikeplass.

Rådmannen meiner tiltakshavar har langt på vei imøtekomme merknadane som har kome inn og at konsekvensane for naboar og regionale interesser er godt synlege. Rådmannen rår til at planforslaget vert sendt på høyring og utlagt til offentlig ettersyn i seks veker.

Saksopplysningar:

Den omsøkte endringa er i samsvar med formål som allereie eksisterer innanfor dagens reguleringsplan.


Endringa vil omfatte ei tekstendring av reguleringsføresegnene til gjeldande plan og ei omrokking av føremåla innanfor planen.

Forslagsstillar ynskjer å gjere endringar i plan av omsyn til marknadssituasjon og etterspurnad etter bustader lokalt. Totalt vil ein no kunne få plass til 7 tomter der det kan byggast to bueiningar pr tomt. Desse er orientert som «tunstruktur» omkransa ein felles privat leikeplass, med korridor til friområde i aust. Gangveg og promenade mot vest og nord for byggjeareala. Tomta for blokk er flytta frå vest til sør.


Hovudtrekka med endringa i reguleringsplanen vil vere avgrensa til:

1. Endring av arrondering av byggjeformåla for frittliggjande einebustader.
2. Endring av veg frå offentlig veg til felles privat veg
 - a. Innskrenking av areal for annan veggrunn – grønstruktur.
 - b. Endra vegtrase
 - c. Endring i byggjegranser mot veg som følgje av endra vegstatus
3. Flytting av leikeplass meir sentralt i bustadområdet
4. Flytting av tomt for blokkbebyggelse til sør
5. Endring av areal for kai i nordvest og nordaust
6. Endring av areal for grønstruktur for utviding av tomt nr 4.

7. Nye korridorar mot friområda
8. Endring av eigarform i arealformåla frå offentleg til privat



Utsnitt fra gjeldanden reguleringsplan



Samfunnstryggleik og risiko og sårbarheit (ROS)

Når det gjeld havnivåstigning og bølgepåverkna bør ikkje promenaden ligge noko høgare enn cote + 2.0 over NN2000. Dette sett i høve dersom ferdig gulv (FG) på dei nye tomtene skal liggje på cote + 3.0 av omsyn til stormflo og bølgepåverknad.

Konstruksjonar under kote + 2.7 må oppførast i materiale som toler stormflo og bølgepåverknader. Det kan ikkje leggst til rette for rom for varig opphald under cote + 2.7, difor vil nye bustader ligge på eit kotenivå for ferdig gulv som er tilstrekkeleg over estimert havnivåstigning for området, korrigert for lokale bølgepåverknader.

Merknadar ved oppstart

Hundane bustadfelt, datert 15.10.2018:

ei større blokk (BB1) som no er snudd 180 grader og vil vere en gedigen stengsel mot sjøen i bakkant av nye tomter... Blokka som no er skissert inn er kvote + 19,5 meter høg (ref. utklipp Oppdragsnr.: 5080107), som er over det doble av bygningsmasse som står der den er tenkt plassert (grøn hall) og med ei lengde på ca 35 meter som også betydelig lengre enn dagens 20 meter.

Vurdering:

Tiltakshavar har redusert maksimal tillatt møne og gesimshøgde og føresegna avgrensar no eit bygg til maksimalt 3 etasjer. Maksimal byggehøgde er redusert til 13,5 m. Rådmannen meiner tiltakshavar har gått langt i å imøtekomme merknadane frå Hundane bustadfelt. Bygningsmasse med 3 etasjer er, etter rådmannen si vurdering, noko ein må kunne pårekne i eit byggefelt.

Ein ber kommuna om å be utbyggar/regulator om å redusere høgd og gjerne dele opp bygg i fleire einingar då dette blir eit stort stengsel for dagens og framtidig bebyggelse på nordsida av Nærøya.

Vurdering:

Ift. høgde viser vi til vurderinga på første punktet.

Når det gjeld å dele bygningsmassen i fleire bygg er det ingen hindringar for at tiltakshavar kan gjere det. Kommunen har i denne saka bedt om at «ei maksimal utnytting» må synleggjerast og dette er gjort i dei ulike 3D modellane som ligg vedlagt saka (i 3D modellane ligg det inne ei inntrekt 4. etasje, dette kan ein sjå vekk frå då føresegna er endra etter illustrasjonane var ferdige).

Viser også til bekymring for at utbygging startar utan oppgradering av det trafikkfarlige Nærøykrysset

Vurdering:

Det er stilt rekkefølgekrav om at Nærøykrysset skal vere utbetra før det vert gjeve ferdigattest eller midlertidigbruksløyve til nye bueiningar.

Fylkesmannen, datert 04.10.2018

Leikeplassen vil grense til bustadblokka i sør. Vi stiller difor spørsmål ved om soltilhøva på leikeplassen blir gode nok, og ber om at det gjerast ei sol/skugge-analyse for å klargjere dette spørsmålet og eventuelt gjere nødvendige endringar dersom soltilhøva blir for dårlege.

Vurdering:

Det er utarbeidd sol-skuggeanalyse som syner at leikeplassen vil få gode solforhold gjennom heile dagen. I Sol-skuggeanalyse ligg det til grunn ei bygningsmasse med 3 etasjer + inntrekt 4 etasje. Maksimal gesims- og mønehøgd på bygget har etter sol-skuggeanalysa var utarbeidd blitt redusert frå 19,5 m til 13,5 m.

Som grøntstruktur er det lagt inn planføremål GR1 og GR2, som er stiar mellom bustadane. Desse er oppgitt å vere 2 meter breie. Dette er for lite dersom dei skal fungere som tiltenkt. Vi rår til at dei får ei breidde på minimum 3 og helst 5 meter.

Vurdering:

Herøy kommune tek fylkesmannen sitt råd til vitande. Rådmannen meiner ein to meter brei passasje vil vere tilstrekkeleg i dette området.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 27.09.2018

Dei føreslåtte endringane av leikeareal, som nemnt ovanfor, vil etter vår vurdering være ei dårlegare løysning i forhold til trafikktryggleik. Trafikkmengda blir likevel ikkje særskilt stor. Vi legg her vekt på at lokaliseringa synes å ikkje vere optimal, samstundes som dårlege tilhøve i forhold til trafikktryggleik synes å være unødvendig. Av omsyn til barn og unges interesser vil her utfordre kommunen til å vurdere ei betre lokalisering av leikarealet.

Vurdering:

Herøy kommune tek fylkeskommunen sitt råd til vitande. Rådmannen vurderer leikeplassen til å vere godt plassert. I forhold til trafikktryggleik må ein sjå på den potensielle trafikkmengda i området. Det vil vere svært avgrensa antal bilar som vil passere leikeområdet med tanke på antal tomter tilgjengeleg. Ein ser det også som ein positiv plassering då alle bueiningar kan ha utsyn til leikeplassen frå vindauge

eller terrasser. Ei plassering ved sjøkanten vil kunne ha ein negativ effekt ved at alle born måtte hatt vaksne nært tilgjengeleg. Med ei plassering mot grøntområdet vil ikkje alle bueiningane ha oversyn med plassen på grunn av bebyggelsen ved sidan av. Herøy kommune vel å halde på plasseringa slik den var foreslått.

Statens vegvesen hadde ikkje merknadar til planforslaget.

Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12

§7 prinsipp for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Det er ikkje registrert spesielt sårbare eller raudlista artar i planområdet. potensielle interessekonflikt i planområdet jf. Kontroll i www.artskart.no og www.naturbase.no. Kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg for denne saka.

§9 Føre-var-prinsippet

Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

§10 økosystemtilnærming og samla belastning

Vi kan ikkje sjå at den samla belastninga vil ha negative konsekvensar i denne saka.

§ 11 kostnadane ved miljøforringelse skal bærast av tiltakshavar

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

§ 12 miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetode

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen meiner saka er godt belyst og at reguleringsendringa vil føre til at området som vert opparbeidd vil vere meir attraktivt for kjøparar og framtidige bebuarar. Leikeplassen i området er sentralt plassert og har fått ei meir føremålstenleg arrondering. Dette er ei betre løysing enn det som er godkjent i gjeldande plan. Tiltakshavar har også laga det mogleg å ferdast «gjennom» området ved bruk av grøne korridorar.

Rådmannen er samd med fylkeskommunen og fylkesmannen i at denne endringa ikkje er å rekne som «mindre» og skal følgje plan- og bygningslova sine prosesskrav.


Etter ei heilskapleg vurdering av saka vil rådmannen rå til at planforslaget i medhald av plan- og bygningslova, §12-10, vert lagt ut til offentlig ettersyn i seks veker.

Fosnavåg, 29.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



FØRESEGNER

REGULERINGSENDRING AV DETALJREGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE PÅ NÆRØY, GNR. 24 BNR. 2 M/FL. I HERØY KOMMUNE

Føresegner, revidert 01.08.2018 Herøy kommune

Plankart, revidert 18.07.2018 B.Tarberg

Føresegner, revidert 29.11.2018 Herøy kommune

§ 1 GENERELT

Desse føresegnene gjeld for området innanfor reguleringsgrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.

Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter, samt vedtekter til plan- og bygningslova vedtekne av kommunestyret i Herøy.

Etter at reguleringsplanen er vedteken er det ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med planen eller føresegnene.

Det regulerte området er på planen vist med plangrense. I medhald av plan- og bygningslova § 12 er området regulert til følgjande formål:

Bebyggelse og anlegg (pbl §12-5 ledd nr.1)

- Område for frittliggende småhus
- Område for bustadblokker
- Leikeplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 ledd nr.2)

- Køyreveg
- Kai

Grøntstruktur (pbl §12-5 ledd nr.3)

- Grøntstruktur

§ 2 FELLESFØRESEGNER

2.1 Byggjemelding/byggjesøknad

Saman med byggjemelding/byggjesøknad skal det leverast plan for den ubygde delen av tomte (utomhusplan) i målestokk 1:200.

Planen skal vise:

- Plassering av bygningar, møneretning, etasjetal, høgde og form
- Biloppstillingsplassar
- Høgder og fall på terreng og murar
- Anlegg som støttemurar og liknande

Kommunen skal også sjå til at nybygg har arkitektoniske kvalitetar som speglar si eiga tid. Bygg og uteområde skal opparbeidast med god estetisk standard. Nye bygg skal ha ei bevisst utforming i forhold til omkringliggende bygningar. Utforminga skal vere moderne og avdempa i forhold til fargebruk og materialval. Det må ikkje nyttast utvendig kledning, faste bygningselement eller taktekking som i material- og/eller fargebruk verkar dominerande (t.d. signalfargar) eller skjemma for omjevnenaden.

2.2 Byggjegranser

Byggjegranser mot offentlege vegar er vist på plankartet. For BF- og BK-områda er det dessutan vist byggjegranser mot øvrige tomtegranser der desse ligg nærare enn 100 meter frå strandlina. For BB-områda er tilsvarande byggjegranser identisk med formålsgrensa for områda.

Der byggjegranser ikkje er vist, gjeld reglane i plan- og bygningslova § 29 om avstand frå veg, annan bygning og eigedomsgrense.

2.3 Utnyttingsgrad

Utnyttingsgraden er ført på plankartet. Tillate tomteutnytting vert oppgjeve som utbygd areal i prosent av tomtearealet, BYA. Utbygd areal er definert i NS 3940. Maks. BYA er påført byggjeområda på plankartet.

2.4 Gesimshøgder

Gesimshøgde skal målast som definert i Teknisk forskrift til plan- og bygningslova. Tillatne gesimshøgder er oppgjevne under dei enkelte byggjeområda i føresegnene.

2.5 Krav til uteopphaldsareal for husvære

For alle frittliggande bustader skal det i tilknytning til husværet vere minst 50 m² uteopphaldsareal som er eigna til rekreasjon, leik og opphald. For konsentrerte bustader skal det tilsvarande vere minst 25 m² uteopphaldsareal i nær tilknytning til husværet.

Som uteopphaldsareal kan reknast dei deler av tomte som ikkje er bebygd eller avsett til køyring og parkering, og er eigna til formålet. Plassen bør ha solinnfall. Arealet bør primært vere på bakken, men areal på terrasse/balkong kan også godtakast. Uteopphaldsarealet kan vere felles eller privat.

2.6 Avfallshandtering

Området skal haldast ryddig. Bygningar innanfor BB skal ha eigne rom for oppbevaring av avfallscontainerar. Utelagring er ikkje tillate. Kommunen kan om naudsynt pålegge leigar av området å rydde. Dersom slike pålegg ikkje vert etterkomne kan kommunen utføre opprydding for eigaren si rekning.

2.7 Landskap og vegetasjon

Ein skal i størst mogleg grad prøve å ta vare på eksisterande verdifull vegetasjon ved planlegging av bustadane. Viktige terrengformer og kulturminne som for eksempel steingjerde og liknande, bør så langt som mogleg bevarast og innpassast i utomhusanlegga. I spesielle situasjonar kan også landskapstilpassing av bygningar vere eit overordna mål.

2.8 Leikeplassar

Areal brattare enn 1:3 skal ikkje reknast inn som del av leik- og opphaldsareal. Arealet skal skjermast mot trafikkstøy over 55 dBA.

2.9 Parkering

Kvar utbygger skal på eigen grunn opparbeide parkeringsplassar i samsvar med kommunen sine parkeringsvedtekter. Med eigen grunn meiner ein og dokumentert del av fellesareal. Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidd innan det tilsvarande byggjearealet vert teke i bruk. Parkeringsplassar skal reknast med i % BYA.

For området avsett til blokkbebyggelse kan parkeringsplassar skje i nedgravd eller delvis nedgravd parkeringskjellar.

2.10 Krav til infrastruktur før utbygging

Ny busetnad i bustadområda kan ikkje førast opp før tilkomstvegar til dei enkelte eigedomane er opparbeidd i høve til planane. Bustadbygging kan likevel skje ved bruk av

regulerte vegtrasèar med anleggsvegstandard. Tilkomstvegane skal byggjast ut etter detaljplanar godkjend av kommunen.

2.11 Universell utforming

Planlegging av bygg, uteområde og leikeplassar skal basere seg på prinsippet om universell utforming/tilgjenge for alle.

2.12 Skjering og fylling

Skjering og fylling frå vegane kan komme inn på andre regulerte formål.

2.13 Unntak

Mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene kan, når særlege grunnar talar for det, tillatast av kommunen innanfor ramma av plan- og bygningslova og bygningsvedtektene i kommunen

§3 BEBYGGELSE OG ANLEGG

3.1 Frittliggjande småhus - BF

Maksimal utnyttingsgrad for områda BF1, BF4 og BF5 er sett til BYA=40%.

Maksimal utnyttingsgrad for områda BF2, BF3, BF6, BF7 og BF8 er sett til BYA=40%.

Bustadane skal plasserast med ferdig gulv på kote +3 over NN2000. Alle bygningsdelar som ligg lavare enn cote **2,7** må tole sjøvatn og stormflo / bølgepådriv.

Innanfor område frittliggjande småhus kan det byggast inntil to (2) bueiningar pr tomt. Det vert tillate å bygge bustadhus med utleigeleilegheit.

Møneretning skal som hovudregel følgje terrengkotene.

Bygga skal ha byggjestil tilpassa det omkringliggjande bustadmiljøet, og ha fasadekledning i trepanel eller mur.

Bygningar kan ha delvis nedgraven sokkeletasje der terrenget er tilpassa denne løysinga, ein hovudetasje og ein loftetasje.

Maksimal gesimshøgde er sett til 6 m og maksimal mønehøgde til 8 m. Bygningane kan ha saltak, pulttak eller tilnærma flatt tak. Det er høve til å innreie utleigehusvære i bustaden. For eksisterande bygningar gjeld dette tilsvarande ved gjenoppbygging, endringar og tilbygg.

Kvar utbyggjar skal på eigen grunn legge til rette for 2 biloppstillings-plassar for kvar einestad. For evt. hyblar/utleigehusvære er parkeringskravet 1 plass pr. bueining. Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidde innan det tilsvarande byggjearealet vert teke i bruk.

3.2 Blokkbebyggelse - BB

Områda merka **BB1** på plankartet er sett av til bustadblokker.

For bustadblokker er maksimal utnyttingsgrad sett til BYA=60%. Det kan førast opp bygg i inntil 3 etasjar over kote +2,7. Maksimal gesims- og mønehøgde er sett til kote +13,5.

Plassering av bygg på kartet er retningsgivande, og ved utbygging av tomtene må ein legge vekt på å finne ei så god løysing som mogleg i forhold til terrengforhold og utsikt for naboar.

Bygningane skal ha eit moderne formspråk og ein materialbruk etter si tid og stå fram som bygg med høg arkitektonisk kvalitet. Uteområda skal ha høg materialstandard.

Utbyggjar skal på eigen grunn legge til rette for biloppstillingsplassar i samsvar med dei kommunale parkeringsvedtektene. Kvar bueining skal ha minimum 1 parkeringsplass som

sin faste garasje plass. Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidde innan det tilsvarande byggjearealet vert teke i bruk. Parkeringsplassar kan plasserast i nedgravd eller delvis nedgravd parkeringskjellar. Parkeringsdekning skal dokumenterast i samband med byggesøknad.

3.3 Leikeareal for born

Leik 1 er felles for bustader innanfor bustadblokkene (BB1), BF1, BF2, BF6, BF7 og BF8. Leikeplassen skal ved utbygging setjast i slik stand at den er eigna for leik og opphald. Prinsippa om universell utforming bør så langt råd er leggjast til grunn slik at leikeplassen heilt eller delvis kan nyttast av alle. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast og leikeplassen skal opparbeidast i samsvar med den til den kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr. Leikeplassen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring. Leikeplassen skal minimum opparbeidast med sandkasse, benk og eitt leikeapparat. Der leikeplassen grensar til trafikkareal skal det setjast opp gjerde.

§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Køyreveg

Areal er sett av til felles privat køyreveg. Standard er påført plankartet. Areal skal ha asfaltdekke eller tilsvarande.

f_veg 2 er felles privat tilkomstveg til BF2, BF3, BF6, BF7 og BF8. Vegbreidde 4,0 m.

Vegskulder skal vere 0,25 m og det skal reknast med breiddeutviding i kurvene. Det er høve til å legge rør og kablar i vegbana.

4.2 Kai

Område merka **f_Kai** er offentleg område for tilkomst langs sjøen og til småbåthamna. Området skal opparbeidast i høg materialstandard og avgrensast mot BF1 med beplanting, gjerde eller murar. Det skal vere ope for gjennomgang i området.

§ 5 GRØNTSTRUKTUR

5.1 Grøntstruktur

f_GR1-GR2 er sti som skal vere open for ålment ferdsel til friområdet i aust og tilkomst til **f_kai** i vest.

§ 6 REKKEFØLGJEKRAV

6.1 Rekkjefølgjekrav Nærøykrysset

Før utbygging av bustadfeltet skal mellombels utbetringsløysing i Nærøykrysset vere etablert. Det inneber at det ikkje kan gjevast ferdigattest eller bruksløyve etter § 21-10 i plan- og bygningslova til bygningar (bustadhus/husvære) innanfor byggeområda (BF og BB) før mellombelse utbetringstiltak i Nærøykrysset er etablert med T-kryss, samanhengande fortau fram til busslomme og tilrettelagt kryssing av fylkesvegen.

6.1. Rekkjefølgjekrav leikeplass

Felles nærleikeplass skal opparbeidast og ferdigstillast før det vert gjeve mellombels bruksløyve og ferdigattest. Leikeareal innanfor byggjeareala (MUA) skal opparbeidast samtidig med bustadhusa.

Reguleringsføresegnene er sist revidert 29.11.2018.


Reguleringsføresegnene er vedtekne **DATO** av Herøy kommunestyre i møte den **DATO** (K-sak 00/14).

Fosnavåg, den **00.00.2019**

Arnulf Goksøyr
Ordfører

Reguleringsendring for Nærøya - mindre endring av føresegner og plankart knytt til bustadareal – plan- og bygningsloven (PBL) § 12-14

PLANOMTALE



MINDRE ENDRING AV DETALJREGULERINGSPLAN PBL § 12-4

Planarbeid, planprosess og vurdering i høve konsekvensutgreiing (KU)

Den omsøkte endringa er i samsvar med formål som allereie eksisterer i dagens reguleringsplan. Endringa vil ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og, det er slik vi vurderer det soleis ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Planområdet, avgrensing og verknader utover planen

Endringa vil omfatte ei tekstendring av reguleringsføresegnene til gjeldande plan og ei

endring av formål frå bustadformål. Vegar blir endra frå offentleg til privat. Endring i utnyttingsgrad og byggjegranser.

Planområdet omfattar eigedomane gnr 24 bnr. 18, 43, 44, 102.

Planområdet er om lag 6.8 daa stort. Dei areala som blir endra er tenkt i er foreslått vil ikkje få særskilte verknader utover planen etter det vi er kjende med. Det er ingen vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet slik som vi ser det.



Flyfoto av området

Formål med endringa

Forslagsstillar og plankonsulent sin intensjon med reguleringsendringa

På vegne av forslagsstillar Sjøkanten AS v/representantane Gunnar Gundersen og Sindre Thorseth ynskjer ein gjennom ei mindre endring av reguleringsplan for byggeområda i gjeldande reguleringsplan. Dei områda i plan som no blir endra er avgrensa til: BB2, LEIK, KAI, GA, BK2, VEG2, VEG3, BF2 og BF3, GRØNNSTRUKTUR OG SMÅBÅTHAMN.


Forslagsstillar har vore i kontakt med Utviklingsavdelinga i Herøy kommune v/sakshandsamar Ole Magne Rotevatn og Jarl Martin Møller, der det tidlegare har vore drøfta å søkje om ei mindre endring av gjeldande reguleringsplan etter PBL § 12-14. Kommunen har vore positiv til initiativet og understreka at dei ynskjer at det skal skje ei utvikling og utbygging på Nærøya. Forslagsstillar blei beden om å sjå på moglegheitene til

B. TARBERG AS – SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG
TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

post@btarberg.no
www.btarberg.no

å gjere justeringar innanfor rammene i allereie godkjend plan, framfor å gå utover desse rammene. Desse signala har utbyggjar no teke innover og ligg til grunn for planendringa.

Det har vore halde eit møte med kommunen 13.12.2017 sjølv om det ikkje er krav til dette etter PBL 12-14 for mindre endringar. I dette møte blei det drøfta om det var aktuelt med felles behandling av plan og byggesak etter PBL § 12-14 ? Forslagsstillar ynskjer å få avklart den mindre endringa av reguleringsplanen først, for deretter å sende inn byggesak for prosjektet. Felles behandling er difor ikkje aktuelt i denne saken.



Kartutsnitt av gjeldande plansituasjon for området



3D illustrasjon (dagens situasjon) fra søraust



3D illustrasjon (dagens situasjon) fra sør

Mindre endring av reguleringsplan (PBL § 12-14)

Planlagt bebyggelse, utbyggingsvolum og byggjehøgder

Området er regulert gjennom godkjent reguleringsplan for Nerøy av 27.11.2014. Formåla i plan er småbåthamn, kai, gangveg, blokkbebyggelse, leikeplass, frittliggjande bustadformål, køyreveg, anna veggrunn. Denne endringa gjeld endring i plankart og reguleringsføresegner. Forslagsstillar ynskjer å gjere endringar i plan av omsyn til marknadssituasjon og etterspurnad etter bustader lokalt. Totalt vil ein no kunne få plass til 7 tomter der det kan byggast to bueiningar pr tomt. Desse er orientert som «tunstruktur» omkransa ein felles privat leikeplass, med korridor til friområde i aust. Gangveg og promenade mot vest og nord for byggjeareala. Tomta for blokk er flytta frå vest til sør.




Utsnitt som viser planendring (ny situasjon med raude linjer) ihht til gjeldande plan med svarte linjer.

Hovudtrekka med endringa i reguleringsplanen vil vere avgrensa til:

1. Endring av arrondering av byggjeformåla for frittliggjande einebustader.
2. Endring av veg frå offentleg veg til felles privat veg
 - a. Innskrenking av areal for annan veggrunn – grønstruktur
 - b. Endra vegtrase
 - c. Endring i byggjegranser mot veg som følgje av endra vegstatus
3. Flytting av leikeplass meir sentralt i bustadområdet
4. Flytting av tomt for blokkbebyggelse til sør

5. Endring av areal for kai i nordvest og nordaust
6. Endring av areal for grønstruktur for utviding av tomt nr 4.
7. Nye korridorar mot friområda
8. Endring av eigarform i arealformåla frå offentleg til privat



Utsnitt av nytt plankart som viser mindre endring av reguleringsplan



Illustrasjonsplan med forslag til plassering av bygningar, garasje og parkering. Leikeplass er møblert med sandkasse, huske, dibbe og klatrestativ.

B. TARBERG AS – SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG
TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

post@btarberg.no
www.btarberg.no

Konsekvensar av reguleringsendringa

Forholdet til overordna planar og retningslinjer

Den omsøkte endringa vil ikkje få nemneverdige konsekvensar for området. Dei formåla som det blir lagt vekt på i endringa allereie eksisterer i reguleringsplanen. Her er det berre snakk om endring i arrondering av arealformål innanfor grensene i gjeldande plan. Denne endringa soleis vil vere i samsvar med hovudtrekka i gjeldande plan.

Den nye planendringa vil gi ålmenta fri ferdsel langs strandsona rundt området via kai og grønne korridorar. Det vil vere kort veg frå nye bustader til fine friområde langs sjøen rett i nærleiken.

Tiltakets verknad på landskap og omgjevnader

Reguleringsendringa vil i hovudtrekk gi ei endra arrondering for byggetomtene innanfor grensa i gjeldande reguleringsplan. Planen vert endra for å tilpasse konseptet meir i tråd med etterspurnaden i den lokale bustadmarknaden. Vi kan ikkje sjå at endring av gjeldande reguleringsplan vil ha nemneverdige konsekvensar for dei lokale omgjevnadane på Nærøya.

Funksjonell og miljømessig kvalitet

Nye bygningar vil ikkje vesentleg avvike frå det som er planlagt i gjeldande reguleringsplan. Her er det berre ei anna arrondering av tomtegrenser, plassering av vegar, byggjegranser og plassering av tomt for blokk som vil vere annleis.

Det vil vidare bli jobba med å oppnå gode estetiske løysingar for det arkitektoniske uttrykket til både nytt bygg og uteområdet, slik at ein på best mogleg måte kan oppnå eit heilskapleg områdeoppfatning. Sentralt her vil vere samanheng mellom bustader og promenade i vest og nord. Det visuelle uttrykket mot sjøsida vil her vere viktig.

Kommunen har i møte sagt at det kan jobbast vidare med ei promenadeløysing mot sjøen, men at det må vere ein viss avstand til denne frå bygningane, slik at denne ikkje vil følast så privatisert. Det er her ein tanke at promenade vil ligg på eit lågare kotenivå enn bustadane, noko som er vanleg ved slike prosjekt, og byggjegranser vil fastsette ei «buffersone» i form av skråning eller mur mellom promenade og uteareal/fasade på tomt 1-3. Ved prosjektering av nye bygg og uteområde må det leggst vekt på det estetiske uttrykket mot sjøfronten. Arkitekt må forkant av byggesak jobbe for å oppnå gode løysingar rundt desse momenta i vidare prosjektering.

Tiltaket vil ikkje ha endra konsekvensar for registrerte kulturminne i området.

Barn og unge sine rettigheter vil vere styrka gjennom dette reguleringsplanarbeidet, ved at leikeplassen vil få ei betre lokalisering og få ein auka storleik som gir rom for variert leik for barn i ulike aldersgrupper.

Samfunnstryggleik og risiko og sårbarheit (ROS)

Når det gjeld havnivåstigning og bølgepåverkna bør ikkje promenaden ligge noko høgare enn cote + 2.0 over NN2000. Dette sett i høve dersom ferdig gulv (FG) på dei nye tomtene skal liggje på cote + 3.0 av omsyn til stormflo og bølgepåverknad.


Konstruksjonar under kote + 2.7 må oppførast i materiale som toler stormflo og bølgepåverknader. Det kan ikkje leggst til rette for rom for varig opphald under cote + 2.7, difor vil nye bustader ligge på eit kotenivå for ferdig gulv som er tilstrekkeleg over estimert havnivåstigning for området, korrigert for lokale bølgepåverknader.

Medverknad, vidare planprosess og innspel til planarbeidet


Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som blir direkte råka av planarbeidet vil bli varsla om endring av reguleringsplanen i eige skriv. Dette vil inneberer at dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet får høve til å kome med skriftleg innspel innan ein fastsett tidsfrist.

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova for mindre endring av reguleringsplan § 12-14. Planarbeidet vil skje i regi av Aleksander Zahl Tarberg i B. Tarberg AS.

Med vennleg helsing


Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar

B. Tarberg AS
Sandvikvegen 174
6070 Tjørvåg
E-post aleksander@btarberg.no
Tlf: +47 46674461



Situasjonsplan (A3H)

23.11.18

Reg. plan Nærøya mindre endring

100.0




1 Perspektiv frå sjø h=2,0m



2 Perspektiv frå vegkryss 1 h=6,0m



3 Perspektiv innanfrå H=4,5m




Diverse perspektiv II (A3H)

23.11.18

Reg. plan Nærøya mindre endring 100.0



1 Perspektiv frå høgda H=9,0m



2 Perspektiv frå Jørn Remøy H=8,0m



3 Perspektiv frå lufta h=40,0m


Reg. plan Nærøya mindre endring

100.0

Diverse perspektiv I (A3H)

23.11.18





Solstudie 1. mai (A3H)

08.11.18

Viser til sak på Herøy Kommune sine nettsider angående «Oppstart av reguleringsendring på Nærøya» der B.Tarberg AS på vegne av Sjøkanten AS søkt om endring av Detaljreguleringsplan – bustadområde på Nerøy. (planID 1515 201275)

Vi ser med glede at ein omgjer meir av området til eine- og eller tomannsbustadar ved å endre frå ein til to blokker. Det som derimot er godt skjult er konsekvensane av endring, der to mindre blokker med retning som dagens bygningsmasse blir redusert til ei større blokk (BB1) som no er snudd 180 grader og vil vere en gedigen stengsel mot sjøen i bakkant av nye tomter. Materialet som er vedlagt har lite visuell forklaring og meir til villeiing av kommune og naboar i tillegg til å at endring er definert som «mindre endring».

Blokka som no er skissert inn er kvote + 19,5 meter høg (ref. utklipp Oppdragsnr.: 5080107), som er over det doble av bygningsmasse som står der den er tenkt plassert (grøn hall) og med ei lengde på ca 35 meter som også betydelig lengre enn dagens 20 meter. Høgste punkt i dagens bygningsmasse er nok litt høgare, men i form av eit spist møne ved kaikanten. Dette vil framstå som ein stor vegg som vil hindre sikt til sjø. (Sjå bilete)

Ein ber kommunen om å be utbyggar/regulator om å redusere høgde og gjerne dele opp bygg i fleire einingar då dette blir eit stort stengsel for dagens og framtidig bebyggelse på nordsida av Nærøya.

Viser også til bekymring for at utbygging startar utan oppgradering av det trafikkfarlige Nærøykrysset og har notert at midler som tidlegare var avsatt til føremålet er overført til utbetring av Skarabakken.

Bilde med innlagt størrelsesforhold. Endringa medfører at bygget blir flytta til bakre del av tomte som gjer det visuelle uttrykket blir forsterka mot eksisterande bebyggelse.




Mvh.

For Hundande Bustadfelt

Jørn Remøy

Utdrag frå Planomtale m/føresegner til Reguleringsplan for bustadområde på Nærøy Oppdragsnr.: 5080107

Som nemnt i merknaden frå Hundane Grendalag er innspela i hovudsak dei same som då planen sist låg ute til offentleg ettersyn. Høgda på blokkene vil med 4 etasjer ende på kote + 15,7 eller på om lag same høgde som det høgaste av røykeribygga. Med ein tilbaketrekt 5. etasje, slik reguleringsføresegnene opnar for, vil totalhøgda auke med om lag 3,5 meter (maks. kotehøgde på + 19,5 er lagt inn i føresegnene). I og med at den næraste blokka vert liggande om lag 70 meter i nordleg retning frå dei næraste bustadhusa som grendalaget representerar, vert imidlertid dette vurdert til ikkje å innebære noko nemneverdig ulempe.





HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Herøy kommune

Reguleringsendring Nærøya

Oppstart

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Det er søkt om endring av eksisterande detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøya.

Planfagleg

Kommunen ber om tilbakemelding på om endringa kan sjåast på som ei «mindre endring» eller om det er ei endring som krev vanlig prosess som ved utarbeiding av nye planar. Etter vår vurdering er dei skisserte endringane så omfattande at dei ikkje kan bli gitt ei forenkla handsaming. Endringa er større enn at den kun gjeld mindre justeringar av grensene mellom to føremål, men er heller ei total omrokering av føremåla innanfor planområdet.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Barn og unge

Leikeplassen vil grense til bustadblokka i sør. Vi stiller difor spørsmål ved om soltilhøva på leikeplassen blir gode nok, og ber om at det gjerast ei sol/skugge-analyse for å klargjere dette spørsmålet og eventuelt gjere nødvendige endringar dersom soltilhøva blir for dårlege.

Natur- og miljøvern

Som grøntstruktur er det lagt inn planføremål GR1 og GR2, som er stiar mellom bustadane. Desse er oppgitt å vere 2 meter breie. Dette er for lite dersom dei skal fungere som tiltenkt. Vi rår til at dei får ei breidde på minimum 3 og helst 5 meter.

Konklusjon

Vi viser til merknadane våre, og ber om at desse takast med i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2018/780	21.08.2018	97068/2018/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	27.09.2018

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsendring Nærøya - gbnr 24/18 mfl. - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader

Planforslaget kan etter vår vurdering ikkje bli gitt ei forenkla behandling, jamfør plan- og bygningslova § 12-14. Vi grunngir dette med at dei føreslåtte endringane bryt med hovudtrekka i gjeldande reguleringsplan.

Leikearealet som i gjeldande reguleringsplan var kopla til kaia, vil no vere omkransa av køyreveg og utkjøringar. Byggeområda rundt vil ikkje lenger vere sett av til konsentrerte bustader, men legge til rette for frittliggande. Samla sett vil dette gi ein vesentleg endra situasjon.

Vi føreset at eventuelt planforslag blir heimla i plan- og bygningslova § 12-3 detaljregulering.

Barn og unge

Dei føreslåtte endringane av leikeareal, som nemnt ovanfor, vil etter vår vurdering være ei dårlegare løysning i forhold til trafikktryggleik. Trafikkmengda blir likevel ikkje særskilt stor. Vi legg her vekt på at lokaliseringa synes å ikkje vere optimal, samstundes som dårlege tilhøve i forhold til trafikktryggleik synes å være unødvendig. Av omsyn til barn og unges interesser vil her utfordre kommunen til å vurdere ei betre lokalisering av leikearealet. Vi ser at det ligg potensiale i både det å knyte arealet opp mot kaia langs sjøen og opp mot nærliggande grøntstruktur. Målet bør være å skilje trafikk frå leikeareal og i størst mogleg grad gjere det mogleg å nå leikearealet utan å måtte krysse køyreveg.

KONKLUSJON

- Planforslaget kan etter vår vurdering ikkje bli gitt ei forenkla behandling, jamfør plan- og bygningslova § 12-14. Vi grunngir dette med at dei føreslåtte endringane bryt med hovudtrekka i gjeldande reguleringsplan.
- Vi vurderer endringane som føreligg å måtte blir heimla i § 12-3, Detaljregulering.

- Ut i frå barn og unges interesser rår vi til at kommunen vurderer ei plassering av leikearealet, med betre trafikktryggleik og tettare kopling mot kai og grøntstruktur.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Statens vegvesen



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:
18/182092-2

Dykkar referanse:
2018/780

Vår dato:
12.09.2018

Herøy kommune – Oppstart av planarbeid – reguleringsendring – bustadområde på Nærøya – planID 201275 – Uttale

Viser til brev av 21.8.2018 frå Herøy kommune.

Vi har ikkje merknader til at reguleringsplanen for bustadområde Nærøya vert endra i tråd med søknaden som ligg ved brevet frå kommunen.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegene, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegene. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegene på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2017/1545
		Arkiv:	141

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
40/18	Komite for helse og omsorg	29.11.2018
240/18	Formannskapet	12.12.2018

KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE OG OMSORG - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Medlem i eldrerådet Terje Krogset og medlem i råd for menneske med nedsett funksjonsevne Mona H. Voldsund, møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 29.11.2018

Formannskapet vedtek av kommunedelplanen for helse og omsorg vert lagt ut til offentlig ettersyn i 8 veker i medhald av plan- og bygningslova § 11-14.

Tilråding:

Formannskapet vedtek at kommunedelplan for Helse og omsorg vert lagt ut til offentlig ettersyn i 8 veker i medhald av plan- og bygningslova § 11-14.

Særutskrift:

Vedlegg:

Vedlegg

1 Kommunedelplanen utkast

Samandrag av saka:

Helse og omsorgsplanen har til hensikt å gi Herøy kommune ei ny retning i utviklinga av tenestetilbodet. Vi skal i større grad enn tidlegare sjå heile livsløpet til innbyggjaren, og fokus på samordna, integrerte og heilskaplege tenester vil vere særskild viktig og naudsynt. Dette vil mellom anna innebære at innbyggjaren vert gitt større moglegheit for å ta ansvar for eige liv og eiga helse, samstundes som kommunen må leggje betre til rette for å støtte opp under innbyggjarane sine eigne initiativ, til helsefremmande aktivitet og frivillig arbeid.

Saksopplysningar:

Formålet med kommunedelplanen for helse og omsorg er å vere eit overordna styringsverktøy for utviklinga i sektoren for helse og omsorg i Herøy kommune. Planen angir kva strategi kommunen har for framtidens tenester i sektoren. Strategien har betydning for utvikling og prioritering av tenester og bygg, som skal konkretiserast i handlingsplanar, årsplanar og budsjettdokument.

Planen vektlegg korleis kommunen bør møte utfordringar innan forventa folkevekst, alderssamansetning og nasjonale utviklingstrekk for helse- og omsorgstenester gjennom heile livsløpet. Planen peiker på kva betydning digitaliseringa vil få for utviklinga av velferdstenester. Planen peiker også på korleis kommunen skal utvikle gode og heilskaplege tenester, med riktig dimensjonering, tilbod og kvalitet på tvers av fagområda, og i samarbeid med pasientar/brukarar sett i lys av forventa utvikling. Kommunedelplanen skal fungere som eit overordna styringsverktøy til andre temaplanar brukt i helse og omsorgssektoren. Dessutan skal den understøtte kommuneplanen sin overordna visjon og målsettingar.

Planen viser eit taktskifte i ressursinnsatsen frå reoperasjon og behandling til førebyggjande arbeid på nye tenesteområder, tidleg innsats og ei meir aktiv pasient og brukarrolle.

Planen har eit tidsperspektiv på 8 år, og ein handlingsdel for dei komande fire åra. Handlingsdelen skal reviderast kvart år i samband med økonomiplanen og handlingsprogram. Planen skal vere eit verktøy både for det daglege og langsiktige arbeidet i tenestene, og skal vere eit konkret arbeidsverktøy der ein kan sjå samanhengar i staden for enkeltsaker. Planen dannar utgangspunkt for verksemdplanar på avdelings- og seksjonsnivå.

Det har vore brei involvering i prosessen med å utarbeide ny kommunedelplan. Styringsgruppa har bestått av politisk komité for helse og omsorg, i lag med ein representant frå eldrerådet, ein frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ein frå ungdomsrådet i Herøy kommune.

Prosjektgruppa har bestått av kommunalsjefen si leiargruppe, kommuneoverlege, leiar og nestleiar i helse og omsorgskomiteen og hovudtillitsvalde og hovudverneombod.

Temabaserte arbeidsgrupper har vore breitt samansett av fagpersonar internt, inklusive tillitsvalde og verneombod. Arbeidsgruppene har både gjennomført brukarintervju, køyrt brukarundersøkingar på heimeside og sosiale medium, og tatt kontakt med nøkkelpersonar frå frivillig arbeid og andre sektorar.

Undervegs i prosessen har vi hatt bistand av ressursenteret for omstilling (RO), som både har leia oss gjennom ein «framtidswerkstad» og fylgt oss i prosessarbeidet.

Vurdering:

Utkastet til kommunedelplan vert vurdert som klart til å bli lagt ut til offentleg ettersyn. Sidan ein høyringsfrist på 6 veker vil inkludere julehøgtida, har vi forlenga høyringsfristen med 2 veker.

Konsekvensar for folkehelse:

Kommunedelplanen er ein viktig del av folkehelsearbeidet i kommunen. Den førebyggjande tankegangen har vore styrande for arbeidet med planen.

Konsekvensar for drift:

Nokre av tiltaka i planen legg opp til ei ny, utvida eller endra drift, det er likevel slik at dette må ein komme tilbake til og konkretisere ved innarbeiding i budsjett- og økonomiplan.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at Formannskapet legg kommunedelplanen ut til offentleg ettersyn i 8 veker i medhald av plan- og bygningslova § 11-14.

Fosnavåg, 14.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef helse og omsorg

Sakshandsamar: Renathe Rossi-Kaldhol



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE



KOMMUNEDELPLAN

HELSE OG OMSORG

SAMMENDRAG

Kommunedelplanen for helse og omsorg er eit heilskapleg og forpliktande styringsdokument, som skal vere retningsgivande, og vise dei strategiske grepa som er naudsynte for å møte dei utfordringane som Herøy kommune vil møte.

HERØY KOMMUNE
HØYRINGSUTKAST

Innhold

Forord.....	3
1. Innleiing.....	4
1.1 Behovet for endring - frå mottakar til aktiv deltakar	4
1.2 Målet med planen	5
1.3 Målgruppe	6
2. Rammer og føringar	7
2.1 Dagens organisering	7
2.2 Føringar og utviklingstrekk	8
2.3 Sentrale utfordringar i Herøy kommune	12
2.4 Framtidas omsorgstenester- bruk av velferdsteknologi i Herøy kommune	15
2.5 Digital samhandling gjennom helseplattform	17
2.6 Scenario- eit mogleg Herøysamfunn i 2027	17
3. Visjon og mål	18
4. Seks satsingsområde	20
4.1 Brukarmedverknad	20
4.2 Aktivitet og frivilligheit	21
4.3 Førebygging	22
4.4 Meistring	23
4.5 Kunnskap og kompetanse i tenesta.....	23
4.6 Heilskap	24
5. Handlingsplan for perioden 2019 – 2022	26

Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje.
at det må skje-
at tidi skal opna seg
at hjarta skal opna seg
at dører skal opna seg
at berget skal opna seg
at kjeldor skal springa-
at draumen skal opna seg.
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um.

Olav H. Hauge

Forord

Helse- og omsorgsplanen har til hensikt å gi Herøy kommune ei ny retning i utviklinga av tenestetilbodet. Vi skal i større grad enn tidlegare sjå heile livsløpet til innbyggjaren, og fokus på samordna, integrerte og heilskaplege tenester vil vere særskild viktig og naudsynt. Dette vil mellom anna innebære at du som innbyggjar vert gitt større moglegheit for å ta ansvar for eige liv og eiga helse, samstundes som kommunen må legge betre til rette for å støtte opp under innbyggjarane sine eigne initiativ, til helsefremmande aktivitet og frivillig arbeid.

Som planen viser, vil Herøy ha ein stor vekst i tal på eldre. Dette er tilfelle, samstundes som nyare undersøkingar, både på landsbasis og i kommunen viser, at det er store utfordringar for barn og unge.

Vi skal vere ein god kommune for alle innbyggjarane, og styrke den førebyggjande innsatsen, for å oppnå helsegevinst. Dei førebyggjande prinsippa, som kommunen har lang og god erfaring med, i til dømes helsestasjon og skulehelsetenesta, vil vere ei rettesnor for det generelle førebyggjande arbeidet. Når du som innbyggjar opplever helseutfordringar, skal du få tilbod om tverrfaglege tenester, slik at utviklinga snur eller vert redusert tidleg. Vi skal fokusere på kva som er viktig for deg, for at du kan leve heile livet, slik du ønskjer det. Det er du som må ta ansvar for di helse. Tenestene skal bygge på din eigen motivasjon, og styrke dine eigne ressursar.

Dei aller fleste ønskjer å bu i eigen heim så lenge som mogleg. Det er viktig at du som innbyggjar tek ansvar for eigen busituasjon i alderdommen. Det vil likevel fortsatt vere behov for sjukeheimsplassar i åra som kjem. Desse vil bli meir spesialiserte, samstundes som det er behov for å utvikle fleire alternative butilbod kor du som innbyggjar kan bu, sjølv om du har behov for delvis eller heildøgns pleie og omsorg. Det er til dømes eit stort behov for gode, bemanna butilbod innan psykisk helse og rus.

Teknologiutviklinga vil bidra til at sjukdom vert oppdaga tidlegare, at vi kan førebygge betre, og at fleire vil kunne bu tryggare i eigen heim. På nokre områder vil velferdsteknologien vere ein vesentleg ressurs i tenestetilbodet til deg som innbyggjar. Ved å gjere seg nytte av teknologien på rett måte, kan vi frigjere menneskelege ressursar, som vi veit det kan verte knapt om i arbeidslivet.

Alle tenester skal ha høg fagleg kvalitet, basert på solid og rett kompetanse, om kva som fremjar helse og livskvalitet hos deg som innbyggjar. Samhandlingsreforma, ny kunnskap, nye oppgåver og nye behandlingsformer, vil gjere at vi treng meir spesialiserte tenester i kommunen. Kommunen må difor samarbeide nært med utdanningsinstitusjonar, spesialisthelsetenesta, andre kommunar og andre aktuelle aktørar, for å sørgje for riktig og kontinuerleg kompetanseutvikling av våre medarbeidarar.

Utviklinga av helse- og omsorgsplanen har vore ein intens, tidskrevjande og lærerik prosess, men det viktigaste arbeidet startar med gjennomføring av alle dei ulike tiltaka i planen.

Takk til alle som har bidrege med utvikling av ny helse- og omsorgsplan for Herøy kommune 2019-2027.

Herøy xx.xx.2018

Olaus Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef helse og omsorg

1. Innleiing

1.1 Behovet for endring - frå mottakar til aktiv deltakar

Mange av dei utfordringane vi står overfor i Herøy kommune dei neste åra, har vi til felles med resten av kommune-Norge. Psykisk helse, både blant barn og unge, vaksne og eldre, er og blir eit viktig tema i tida framover. Det er mange barn og unge som fell utafor og slit i det samfunnet dei lever i til dagleg. Fleire unge treng mykje hjelp for å takle kvardagen, samstundes som dei i stor grad ønskjer å styre den hjelpa dei har rett på.

Som i resten av Norge blir også herøyværingane eldre, og dei vert eldre «raskare» enn i resten av landet. Sjølv om ei aldrande befolkning ikkje er einstyddande med auka tenestebhov, vil talet på dei som mottek tenester auke fram mot 2030. Det er færre yrkesaktive per pensjonist. Dette kombinert med ein trøng kommuneøkonomi, inneber at tenesteproduksjon slik vi gjer det i dag, ikkje vil vere bærekraftig på sikt. Ressurssenteret for omstilling (RO) si analyse av Herøy kommune, syner at om vi driv som i dag i 2040, vil vi trenge om lag 100 millionar meir berre til eldreomsorga. Skil Herøy kommune, saman med resten av Norge, møte disse utfordringane, må det takast ein rekke grep.

For å skape ei *bærekraftig utvikling* for omsorgsfeltet, summerer St. Meld. 29 (2012–2013) Morgendagens omsorg hovudgrepa slik:

«I møte med morgendagens omsorgsutfordringer, blir det nødvendig å mobilisere samfunnets samlede omsorgsressurser og se nærmere på oppgavefordelingen mellom omsorgsaktørene. De offentlige omsorgstjenestene har vært i kontinuerlig vekst i flere tiår.

Med sikte på de demografiske utfordringer som venter oss for fullt om 10–15 år, bør denne veksten organiseres slik at den støtter opp under og utløser alle de ressurser som ligger hos brukerne selv, deres familie og sosiale nettverk, i nærmiljøet og lokalsamfunnet, i ideelle virksomheter og næringslivet som tar sin del av samfunnsansvaret.

Det vil kreve omstilling av den faglige virksomheten med større vekt på nettverksarbeid, tverrfaglig samarbeid, forebygging, tidlig innsats og rehabilitering. Det forutsetter også at folk tar ansvar for best mulig tilrettelegging av egen bolig, og at vi i fellesskap legger til rette de fysiske omgivelser slik at de blir tilgjengelige for alle og for alle generasjoner.»

I dette ligg det at helse- og omsorgstenesta i «morgondagen» vil ha ein annan form enn det vi tradisjonelt er vant til. Noko som på si side igjen – og for nokon brukargrupper – vil kunne opplevast som reduksjon i tenestetilbodet. Aktiv omsorg og kvardagsmeistring er sentrale omgrep i denne samanhengen. Korleis Herøy kommune skal snu fokuset frå mottakar til aktiv deltakar, kan du lese om i kapittel 4, satsingsområde.

Vidare legg regjeringa fokus på at framtidens helse- og omsorgsteneste skal utviklast saman med pasientar, brukarar og deira pårørande. Brukarane

skal få større innflytelse over eigen kvardag gjennom meir valfridom og eit større mangfald av tilbod. Målet er å skape ein helse- og omsorgsteneste som bidrar til at kvar einskild innbyggjar får ivaretatt sine grunnleggjande behov og får moglegheita til å leve eit aktivt og godt liv i fellesskap med andre. Pårande sin situasjon skal bli betra gjennom styrka tilbod om avlastning, støtte og fagleg rettleiing.

Sentralt i denne omstillinga står meistring, sjølvstende og god livskvalitet for den einskilde. Korleis Herøy kommune skal legge til rette for brukarmedverknad blir eit sentralt tema som du kan lese meir om under satsingsområde, og kvardagsmestring som tankesett og kvardagsrehabilitering som metode.

Helse og omsorg i Herøy kommune er samla om at målet med ny helse- og omsorgsplan er å utvikle ein helse- og omsorgsteneste som bidrar til best mogleg livskvalitet hjå den einskilde innbyggjar gjennom heile livsløpet, sjølv om livssituasjonen inneber bistand frå kommunen. Dette krev blant anna at vi støttar opp under størst mogleg oppleving av sjølvstende gjennom meistring av meningsfulle aktivitetar og deltaking i samfunnet. I tillegg krev det trygghet, både i heimen, i forhold til tenestene, og i møtet med samfunnet. Vi må derfor ha kunnskapsbaserte helse- og omsorgstenester, gode møteplassar og tiltak som skaper openheit og forståing hjå innbyggjarane og eit inkluderande samfunn generelt. Korleis vi skal lukkast i dette arbeidet, kan du lese om i handlingsdelen av kommunedelplanen.

1.2 Målet med planen

Formålet med kommunedelplanen for helse og omsorg er å vere eit overordna styringsverktøy for utviklinga i sektoren for helse og omsorg i Herøy kommune. Planen angir kva strategi kommunen har for framtidens tenester i sektoren. Strategien har betydning for utvikling og prioritering av tenester og bygg, som skal konkretiserast i handlingsplanar, årsplanar og budsjettdokument.

Planen vektlegg korleis kommunen bør møte utfordringar innan forventa folkevekst, alderssamansetning og nasjonale utviklingstrekk for helse- og omsorgstenester gjennom heile livsløpet. Planen peiker på kva betydning digitaliseringa vil få for utviklinga av velferdstenester. Planen peiker også på korleis kommunen skal utvikle gode og heilskaplege tenester, med riktig dimensjonering, tilbod og kvalitet på tvers av fagområda, og i samarbeid med pasientar/brukarar sett i lys av forventa utvikling.

Kommunedelplanen skal fungere som eit overordna styringsverktøy til andre temaplanar brukt i helse og omsorgssektoren. Dessutan skal den understøtte kommuneplanen sin overordna visjon og målsettingar.

Planen viser eit taktskifte i ressursinnsatsen frå reperasjon og behandling til førebyggjande arbeid på nye tenesteområder, tidleg innsats og ei meir aktiv pasient og brukarrolle.

Planen har eit tidsperspektiv på 8 år, og ein handlingsdel for dei komande fire åra. Handlingsdelen skal reviderast kvart år i samband med økonomiplanen og handlingsprogram. Planen skal vere eit verktøy både for det daglege og langsiktige arbeidet i tenestene, og skal vere eit konkret arbeidsverktøy der ein kan sjå

samanhengar i staden for enkeltsaker. Planen dannar utgangspunkt for verksemdplanar på avdelings- og seksjonsnivå.

1.3 Målgruppe

Innbyggjarar

Alle innbyggjarane i kommunen vil i løpet av livet kome i kontakt med dei ulike delane i helse og omsorg. Planen seier noko om kva innbyggjarane kan forvente, korleis tenestene er utforma og korleis dei skal utviklast for framtida. Særleg viktig er fokuset på brukarmedverknad og satsinga på at brukarane av tenestene skal oppleve størst mogleg grad av meistring i eigne liv. Det er sær s viktig å sette fokus på heilskapelege tenester.

Medarbeidarar i Herøy kommune

For å gi gode tenester er kommunen avhengig av kompetente og motiverte medarbeidarar. Alle tilsette må ha god kjennskap til kommunen sine tenester og ha ei felles forståing for tverrfaglege utfordringar og satsingsområde på tvers av sektorar, og kjenne dei langsiktige strategiane.

Eksterne samarbeidspartar

Spesialisthelsetenestene, frivillige organisasjonar, næringslivet og andre samarbeidspartnarar må kjenne til kommunen sine planar, og korleis samarbeidet kan utviklast til det beste for innbyggjarane og for å nå felles mål.

Politikarar

Planen vil med sine langsiktige strategiar, konkrete tiltak og prioriteringar vere eit viktig politisk styringsdokument for dei folkevalde i utvikling av tenester innan sektor helse og omsorg.

1.4 Planprosess

Tabellen under viser viktige milepelar i planprosessen.

Dato	Milepel
10. april 2018	Vedtak planprogram
Mai- november 2018	Prosess innhald
17. desember 2018	Framlegg til kommunedelplan sendt på høyring
10. Februar 2019	Høyringsfrist
Mars- April 2019	Vedtak kommunedelplan

Det har vore brei involvering i prosessen med å utarbeide ny kommunedelplan. Styringsgruppa har bestått av politisk komitè for helse og omsorg, i lag med ein representant frå eldrerådet, ein frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ein frå ungdomsrådet i Herøy kommune.

Prosjektgruppa har bestått av kommunalsjefen si leiargruppe, kommuneoverlege, leiar og nestleiar i helse og omsorgskomiteen og hovudtillitsvalde og hovudverneombod.


Temabaserte arbeidsgrupper har vore breitt samansett av fagpersonar internt, inklusive tillitsvalde og verneombod. Arbeidsgruppene har både gjennomført brukarintervju, køyrt brukarundersøkingar på heimeside og sosiale medium, og tatt kontakt med nøkkelpersonar frå frivillig arbeid og andre sektorar.

Undervegs i prosessen har vi hatt bistand av ressurscenteret for omstilling (RO), som både har leia oss gjennom ein «framtidswerkstad» og fylgt oss i prosessarbeidet.

Framlegg til kommunedelplan har vore på høyring i perioden 17. desember 2018, til 10. februar 2019.

2. Rammer og føringar

2.1 Dagens organisering



Organisasjonskartet

Sektor for helse og omsorg har i dag fire avdelingar under kommunalsjef. Avdeling for tenestekoordinering er helse og omsorgssektoren sitt forvaltningskontor, og er organisert i kommunalsjefen si stabslinje.

Avdeling for pleie og omsorg, avdeling for bu og habilitering og avdeling for barn, familie og helse, med sine seksjonar, yt kommunale helse og omsorgstenester til

innbyggjarane i Herøy kommune. For å lese meir om tenesteinnhaldet i Herøy kommune har, kan du sjå på Herøy kommune si [heimeside](#).

2.2 Føringer og utviklingstrekk

Nasjonale føringer

Sentrale rapportar og meldingar skildrar utfordringar kommunane vil stå overfor innan helse-, sosial- og omsorgstenesta som følgje av demografisk og epidemiologisk¹ utvikling. Fokus på sosiale problem blant barn og unge og satsing på tiltak for å betra folkehelsa samt vekst i tal eldre, auke i kroniske lidningar. Regjeringa har gjennom stortingsmeldingar omtala mange av desse utfordringane.

[Samhandlingsreforma](#) (St. Meld. nr. 47 2008-2009) som vart sett i verk januar 2012 pregar enno utviklinga av tenestene. Spesielt gjeld dette funn som indikerer at tenestemottakarane sine behov for koordinerte tenester ikkje vert ivaretatt på ein god nok måte. At innsatsen for å avgrensa og/eller førebygga sjukdom framleis ikkje vert prioritert godt nok. At dagens innretning og ressursfordeling gir oss utfordringar når vi skal sikra framtidig berekraft.

1.januar 2012 trådde [ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester](#) og ny lov om folkehelsearbeid i kraft. Denne planen tar omsyn til nye krav og forslag i den utstrekning vi har oversikt.

[Omsorgsplan 2020](#) (St. Meld. nr.29 2012-2013) som kom i 2013 legg vekt på å utvikla og innarbeida nye og framtidsretta løysingar. Blant anna skal det fokuserast på:

- Fagleg omlegging og større vekt på tidleg innsats
- Kvardagsmeistring og nettverksarbeid.
- Utvikle og ta i bruk velferdsteknologi og utvikling og bygging av framtidas omsorgsbustader og sjukeheim.



[Folkehelsemeldingen](#) (St. Meld. nr. 19 2014-2015) Mestring og muligheter fokuserer på:

- Psykisk helse skal prioriterast
- Større merksemd mot betydinga av aktiv aldring
- Fokus på forhold som fremjar meistring og som motverkar einsemd
- Eit auka og betre samarbeid med frivillig sektor
- Tilrettelegge for fysisk aktivitet og målretta informasjon om samanhengen mellom kosthald, livsstil og helse



I 2015 vart meldinga om [framtidas primærhelseteneste](#) lagt fram (St. Meld. nr. 26 2014-2015). Her vart det fokusert på:



¹ Epidemiologi er læren om befolkningshelse, sykdommers forløp, årsak og konsekvens, utbredelse og der



- Aktiv og framtidsretta pårørandepolitikk
- Samlokalisering av helse og omsorgstenestene
- Oppfølgingsteam for tenestemottakarar med store samansette behov
- Auka kompetanse innan leiing av helse- og omsorgstenestene
- Legga til rette for meir ambulant behandling


[Demensplan 2020](#) fokuserer på:

- Sjølvbestemmelse, involvering og deltaking
- Førebygging
- Aktivitet, meistring og avlasting
- Tilpassa tenestetilbod
- Pårørande som ressurs
- Forsking, kunnskap og kompetanse



[Kvalitetsreformen for eldre "Leve hele livet"](#) – En kvalitetsreform for eldre" fokuserer på:

- Å gi eldre ein trygg og aktiv alderdom
 - Regjeringa sin eldrereform "Leve hele livet" løftar frem 25 løysningar og fleire hundre eksempel frå kommunane som skal gi eldre ein trygg og aktiv alderdom
 - Kommunar som tar dei gode løysingane i bruk vil bli lønna i statlege støtteordningar
 - Det skal leggst opp ein prosess kor kommunestyra skal vedta løysningane som passer i deira kommune
- Når kommunane har beskrive korleis dei vil utforme sine løysingar, startar arbeidet med å gjennomføre reforma. Reformperioden vil starte i 1. januar 2019 og vare frem til 2023 med ulike fasar for planlegging, gjennomføring og evaluering.



[Opptreppingsplan for rusfeltet](#) (proposisjon nr. 15 S 2015-2016) fokuserer på:

- Sikra reell brukarmerknad gjennom fritt behandlingsval, fleire brukarstyrte løysingar og sterkare medverknad ved utforming av tenestetilbodet
- Sikra at personar som står i fare for å utvikla rusproblem skal fangast opp og motta tidleg hjelp
- Tenestene skal vera tilgjengelege, varierte og heilskapelege
- Alle skal sikrast eit aktivt og meningsfullt tilvere



[Ny forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten](#) fokuserer på:

- Fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester, kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit, og at øvrige krav i helse- og omsorgslovgivinga vert etterlevd
- Kvalitetsforbetring og at dette er en kontinuerlig prosess for å identifisere svikt eller forbedringsområde
- Det er utarbeida ein veileder til forskrifta. Denne ble sist endret 13. juni 2018
- Ansvar for styringssystem og tenestelevering

Andre aktuelle meldingar:

[St. Meld. nr. 39 \(2006-2007\) Frivillighet for alle](#)

[Nasjonal strategi for frivillig arbeid på helse og omsorgsfeltet \(2015-2020\)](#)



Det er mange særlover/forskrifter/stortingsmeldingar, rundskriv mv. ein må følgja med omsyn til planlegging og drift av helse-, sosial- og omsorgstenestene. Dei mektigaste lovene som skal sikra grunnlaget for kommunen sine oppgåver og ansvar innan helse, sosial og omsorg er blant anna: Helse- og omsorgstenestelova, Folkehelselova, Sosialtenestelova, Pasient- og brukarrettighetslova, Helseberedskapsloven, Helsepersonelloven, Lov om psykisk helsevern og i Herøy også barnevernlova, sidan tenesta ligg til sektoren. Det er ei rekkje forskrifter som konkretiserer innbyggjarane sine rettar og kommunen sitt ansvar. Verdigheitsgarantien og Fastlegeforskriften er nokre av dei mest sentrale.

Vi har i tillegg til nemnde dokument, også lagt vekt på følgende dokument i arbeidet med denne planen:

Nasjonale sentrale og førande dokument:

- [LOV-2011-06-24-30, Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester.](#)
- [LOV-2011-06-24-29, Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\)](#)
- [LOV-1999-07-02-63, Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient og brukerrettighetsloven\), med endringslov](#)
- [LOV-1999-07-02-64, Lov om helsepersonell m.v. \(helsepersonelloven\), med endringslov](#)
- [LOV-2015-09-04-85 fra 01.07.2016, Lov om barneverntjenester \(barnevernloven\)](#)
- [LOV-2016-12-20-105 fra 01.01.2017, Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen \(sosialtjenesteloven\)](#)
- [St. Meld. Nr.25 \(2005-2006\) Mestring, muligheter og mening](#)
- [St. Meld. 24 \(2015-2016\) Familien – ansvar, frihet og valgmuligheter](#)
- [St.Meld 45 \(2012-2013\) Frihet og likeverd](#)

- [St.Meld. 30 \(2011-2012\) Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk](#)
- [St. Meld. 17\(2015–2016\) Trygghet og omsorg, Fosterhjem til barns beste](#)
- [Omsorg 2020. Regjeringen](#)
- [Fleire år- fleire muligheter. Regjeringen](#)
- [Mestre hele livet 2017-2022. Regjeringen](#)
- [Opptappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019.](#)
- [Nasjonalfaglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom.](#)
- [Bolig for velferd 2014-2020](#)
- [SSB/KOSTRA-IPLOS](#)
- Ressurssenteret for omstilling (RO) si analyse av sektor helse og omsorg i Herøy kommune.

Nasjonale utviklingstrekk

Sentrale rapportar og meldingar skildrar utfordringar kommunane vil stå overfor innan helse-, sosial- og omsorgstenesta. Fokus på sosiale problem blant barn og unge og satsing på tiltak for å betra folkehelsa, samt auke i kroniske lidningar og vekst i tal av eldre. Regjeringa har gjennom stortingsmeldingar omtala mange av desse utfordringane.

Under følgjer nokre utviklingstrekk²

- Folketalet i Norge held fram med å auka og tel i underkant av 5,3 millionar ved inngangen til 2018.
- Tal og del innvandrarak har auka kraftig gjennom dei siste tiåra. ³
- Det blir færre yrkesaktive per pensjonist. Andelen av totalbefolkninga over 67 og 80 år vil auke
- Fleire bur i byar og tettstader
- Fleire bur åleine, det gjeld både yngre vaksne og eldre
- Fleire tar lengre utdanning, og dette er ein av fleire årsaker til at kvinnene er eldre enn tidlegare når dei får sitt første barn og til at dei føder færre barn
- Ved at fleire har høgare utdanning vil dette kunne påverke korleis vi ønskjer å ha det i høg alder

² Kilde; Folkehelseinstituttet).

³ <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/innvandrere-og-deres-norskfodte-barn-gruppenes-sammensetning>

Dei siste års reformer har ført til at vi har fått eit større ansvar for brukarar og pasientar med omfattande somatisk og psykisk helse- og ruslidingar. Pasientane vert ofte utskrive frå spesialisthelsetenestene raskt. Mange vil då ha behov for eit kommunalt tilbod i ein overgangsfase eller over lenger tid. Dette gjeld ulike tenester som til dømes fysioterapi, psykisk helsetenester og sjukeheims plass.

Denne planen byggjer på folkehelseperspektivet som skal prege all kommunal planlegging. Det betyr; førebygging kjem først, deretter behandling og pleie.


2.3 Sentrale utfordringar i Herøy kommune

Statistisk Sentralbyrå (SSB) sine befolkningsframskrivingar viser store endringar i alderssamansetninga i Herøy i åra som kjem. Delen eldre i samfunnet vil auke, og dei gamle blir eldre. Delen barn og unge, og del yrkesaktive minkar. Reduksjonen av yrkesaktive utfordrar kommunen med omsyn til å få tilført ressursar til helse- og omsorgstenester for alle som trenger det.

Befolkningsframskriving i Herøy 2018 - 2040.						
	2018	2020	2025	2030	2035	2040
0-19 år	2199	2131	2013	1920	1849	1814
20-66 år	5247	5169	5074	4958	4823	4603
67-79 år	1043	1131	1240	1314	1348	1429
80-89 år	375	387	437	558	663	718
90+ år	101	94	101	116	149	195
Totalt tal innbyggjarar	8965	8912	8865	8866	8832	8759

Kilde SSB, 2018 alternativ MMMM

Tal yrkesaktive (16-66 år) per tal eldre (67 år+) er av interesse for finansiering av pensjonar, velferdstilbod og helse- og omsorgstenester. Dette forholdet blir kalla aldersbæreevne og gir uttrykk for utfordringar knytt til framtidig rekruttering, tilgjengeleg kompetanse og ressursar til helse- og omsorgstenesta i kommunen. Kommunen må i åra som kjem få etablert heiltidskultur i helse- og omsorgssektoren.



Kilde SSB, 2018 alternativ MMMM

Herøy har 3,76 personer i yrkesaktiv alder per eldre i 2018, og koeffisienten⁴ for aldersbæreevne blir redusert til 2,71 i 2030 og 2,13 i 2040. Til samanlikning var det på landsbasis 4,7 personer i yrkesaktiv alder per eldre i 2000. Aldersbæreevna på landsbasis blir redusert til 3,6 i 2030 og 2,9 i 2050⁵.

Aldersbæreevna viser at det blir viktig å legge til rette for et aktivt næringsliv og at flest mogleg av den yrkesaktive befolkninga står lengst mogleg i arbeid. Å legge til rette for at ungdommen trivst og blir værande i kommunen er nødvendig med omsyn til behovet for kompetanse innan helse- og omsorg.


Eldre over 85 år har tradisjonelt dei største omsorgsbehova i befolkninga. Aldersgruppa 50-66 er dei som i størst grad yt omsorg til eldre i familien (pårørande og andre).

Endringar i alderssamansetninga er avgjerande for kor mange familieomsorgsgivarar dei over 85 år kan støtte seg på, og vil kunne påverke framtidige familieomsorgsmønstre. Dette har også betyding for korleis tenestene bør innrette seg fram i tid. Mobilisering og tilrettelegging for frivillig innsats og samarbeid med pårørande vil være viktig i framtida si eldreomsorg.

Familieomsorgskoeffisienten uttrykker tal potensielle familieomsorgsgivarar i aldersgruppa 50-66, og eldre over 85 år som treng omsorg.

⁴ En **koeffisient** (av latin *coefficiente*, «medvirkende») er et matematisk uttrykk knyttet til et annet tall eller en variabel som representerer den. Koeffisienten kan være et [parameter](#) ([matematikk](#)), et [indeksnummer](#) ([fysikk](#), [økonomi](#)) eller en [faktor](#) ([kjemi](#))

⁵ Meld. St. 15 (2017-2018) s. 42 – Leve hele livet



I 2018 har Herøy 7,7 personer i aldersgruppa 50-66 år per eldre i alderen 85 år og over. Talet er venta å vere stabilt fram til 2025, for deretter å synke kraftig. I 2040 er det 3,66 personer i aldersgruppa 50-66 år per eldre i alderen 85 år og over. På landsbasis er familieomsorgskoeffisienten no på 9,3 og vil ut frå SSB si befolkningsframskriving falle til 4,3 i 2040⁶.

Herøy vil som dei fleste andre kommunar møte utfordringar knytt til rekruttering av kvalifisert personell. Samtidig som det kan bli mangel på kvalifisert personell må kommunen være førebudd på å møte nye og spesialiserte oppgåver. Teknologisk utvikling, ny forskning og stadig nye behandlingstilbod vil stille nye krav til utøving av tenesta.

Auka krav til brukarmedverknad, krav til dokumentasjon, rettsikkerheit og krav til likebehandling vil krevje at kommunen har ein profesjonell og kompetent tildelingspraksis.

Heilskapelege, koordinerte tenester og tverrfaglege tenestetilbod vil krevje godt organiserte tenester med rett kompetanse på rett stad til rett tid.

Helse og omsorgstenesta vil legge til rette for at innbyggjarane skal kunne ta ansvar for eige liv og få støtte til eiga meistring der folk bur. Det må satsast på førebygging og kvardagsmeistring og leggast til rette for godt samarbeid med pårørande. Sosiale nettverk, frivillige og tilrettelegging for aktivitet blir viktig for å møte dei demografiske utfordringane.

Herøy nyttar ein stor del av sitt budsjett på helse- og omsorgstenester. Kommunen har tradisjonelt nytta ein større del av midlane på institusjonsbaserte tenester enn på heimetenester.

Dette må justerast for å kunne styrke arbeidet med heildøgnsomsorg og møte befolkinga sitt ønske om å få bu heime i eigen bustad lengst mogleg. Dagens

⁶ Meld. St. 15 (2017-2018) s. 42-43 – Leve hele livet

utvikling går i retning av at sjukeheimane i større grad driv behandling og at heimebuande i større grad får avansert pleie og omsorg i eigen heim. Det er også behov for å nytte ein større del av ressursane til førebyggjande verksemd og aktivitet i alle deler av tenesta. Dette krev at dei tilsette har kompetanse om, og kan nytte teknologiske løysingar som understøtter dette.

For å skaffe og behalde rett kompetanse må helse- og omsorgstenesta satse på heiltidskultur, og kontinuerlig arbeide for å redusere fråvær. Tverrfaglig samarbeid, heilskapleg tenking og eit godt læringsmiljø er grunnleggande for å kunne møte framtidige utfordringar i tenesta. Leiarskap med strategisk kompetanse og endringskompetanse må utviklast vidare for å lykkast med å gi innbyggjarane dei rette tenestene med god kvalitet i framtida.

2.4 Framtidas omsorgstenester- bruk av velferdsteknologi i Herøy kommune

I følge IS-2557 (Andre gevinstrealiseringsrapport med anbefalingar)⁷ vil auka kunnskap, auka kvalitetskrav, knappheit på helsepersonell og fleire innbyggjarar med behov for hjelp, medføre at kommunen må tenkje nytt når det gjeld tenestetilbodet i helse og omsorgssektoren.

Utvikling av velferdsteknologi er eit av tiltaka for å møte framtida sine behov.

Det er sterke nasjonale initiativ for å fremme bruken av velferdsteknologi i kommunane. Desse har bakgrunn i NOU 2011:11 «Innovasjon i omsorg», Meld. St.29 «Morgendagens omsorg» og «Fagrappport om implementering av velferdsteknologi i de kommunale helse- og omsorgstjenestene 2013-2030». Velferdsteknologi er eit strategisk konsept for å sikre gode tenester.

Ein del av løysningane er no prøvd ut, og Helsedirektoratet rår til at kommunane tek desse i bruk. Velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet innan 2020, også i Herøy.

Målsetting med bruk av velferdsteknologi

- Tryggleik og meistring for innbyggjarane
- Auka kvalitet i tenestene
- Effektive arbeidsprosessar

Det handlar om korleis teknologi kan støtte opp under innbyggjaren og dei pårørande si sjølvstende og meistringsevne. Ved å nytte teknologien på rett måte, kan menneskelege ressursar bli frigjort. Samtidig kan både tryggleik, omfang av oppfølging, kvalitet og sjølvråderett auke ved at ny teknologi vert teken i bruk.

Det velferdsteknologiske området er i sin spede start, og det er venta kraftig innovasjonsutvikling på området. For å bidra til at det vert utvikla teknologi kommunane og innbyggjarane treng, må kommunane aktivt bidra ved å kartlegge og definere behov. Velferdsteknologi kan vere vanskeleg å budsjettere, og kommunane må være villige til å ta del i innovative anskaffingsprosessar som bidreg til at det vert

⁷ <https://helsedirektoratet.no/publikasjoner/gevinstrealiseringsrapporter-nasjonalt-velferdsteknologiprogram>

utvikla teknologi som kommunane vil trenge for å løyse framtida sine velferdsoppgåver.

I følgje IS-2557 er det nokre føresetnader som må vere på plass, for at vi skal kunne lukkast med implementering av velferdsteknologi. Den første føresetnaden er ei endring i tankesett om kva kommunale helse- og omsorgstenester er og skal vere. Det har tradisjonelt vore praksis, og kanskje ein forventning frå både innbyggjarar og tenesta, at auka behov for bistand frå kommunen vil føre til ein plass på institusjon. Dette er kostbart og er ikkje ein bærekraftig praksis for helse- og omsorgssektoren. Dei fleste ønskjer å bu lengst mogleg i eigen heim. Helsedirektoratet, ved Nasjonalt program for velferdsteknologi, oppfordrar kommunane til å vurdere teknologi som ei naturleg løysing for å få dette til.

Herøy kommune er på god veg. Mange av våre innbyggjarar har digitale tryggleiksalarmar i heimen sin, og i institusjonane våre er det digitale signalanlegg. Der det er behov for det, er det satt inn ulike sensorteknologi.

Vidare er Herøy med i ei interkommunal velferdsteknologigruppe saman med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre. Denne gruppa har fått nasjonal støtte og er med i eit nasjonalt velferdsteknologiprojekt via Helsedirektoratet.

Døme på ulike velferdsteknologiske løysningar som er utvikla i dag;

Tryggleiksskapande omsorg

Tryggleiksalarmar og bruk av GPS for rørslefriheit. Ulike sensorar for varsling av; fall, bevegelse, branntilløp, vasslekkasjar, kamerakommunikasjon mm.

Meistring i kvardagen

Smarte hjelpemiddel for eigenmålingar ved kroniske sjukdommar, oppfølging og påminning, t.d. når medisin skal tas og i kva omfang.

Utredning og behandling

Avstandsoppfølging ved telemedisinske løysningar, sensorar for eigenmålingar og sjølvrapportering, t.d. Sleppe lange og krevjande reiser, snakke via skjerm med fastlegen, sjukepleiar og andre hjelparar.

Velværeteknologiar

Her vil typiske hjelpemidlar vere; treningsprogram, robotar (plenklippar, støvsugar, dusjar), og løysningar for sosial kontakt.

Velferdsteknologi vil ofte vere i skjeringspunktet mellom privat og kommunalt ansvar. Ein del av arbeidet med å innføre teknologi vil være å fortløpande vurdere kva kommunen skal ha ansvar for.

Korleis lukkast vi?

Herøy kommune vil lukkast med implementering ved å gje tilsette kunnskap om velferdsteknologi. Får å få til dette må vi gi gjennomføre eit opplæringsprogram for alle tilsette. Vi må samarbeide aktivt med andre kommunar og private aktørar (leverandørar) om å utvikle relevant velferdsteknologi. Vi må nytte prosjekt til å teste ut og vurdere aktuelle velferdsteknologiske løysningar. Det vi skal investere i må vere berekraftig på sikt. Vi må sørge for å ha informasjon om moglege teknologiske

Løysningar lett tilgjengeleg for innbyggjarane. Alle som søker om helse- og omsorgstenester skal bli kartlagt og vurdert for velferdsteknologiske tiltak, og det skal gjennomførast tverrfagleg samarbeid om velferdsteknologiske løysningar innanfor ulike tenesteområder.

2.5 Digital samhandling gjennom helseplattform

Eit nytt tiltak for å møte framtida sine utfordringar er journalsystemet Helseplattforma. Verktøyet vil gi innbyggjarane i Midt-Noreg ei meir samanhengande helseteneste ved at spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta nyttar likt fagprogram.

God helse vert skapt i kvardagen til kvar og ein av oss. Digitale hjelpemiddel vil gi innbyggjarane rom for å ta aktiv del i eiga behandling. I staden for å reise til sjukehuset kan ein ved hjelp av ny teknologi få oppfølging via fastlegen og digitale konsultasjonar mellom ulike nivå i hjelpeapparatet. Helsetenestene er organisert rundt pasienten og Helseplattforma bidreg til saumlaus kommunikasjon og lett tilgang til medisinsk informasjon i sanntid. Denne nye måten å handtere og analysere store datamengder gir vidare grunnlag for medisinske framsteg gjennom forskning og innovasjon.

Slik sett er verktøyet ikkje berre eit nytt journalsystem, men også ei organisasjonsutvikling som ser til at resursane vert nytta mest mogleg effektivt.

Journalsystema vi har i dag på mange måtar helsepersonellet sitt system, mens helseplattforma blir pasienten sin journal. Ein eigen innbyggjarportal i plattformen gjer det mogleg for pasienten sjølv å legge inn opplysningar om eiga helse, og hit vil alle testresultat og diagnoser kome.

Helseplattforma vil såleis også vere ein viktig faktor i målsettinga til samhandlingsreforma – koordinerte og heilskapelege tenester for pasientane.

Helseplattforma vil truleg gjere sitt inntog i Herøy i 2022/2023.

2.6 Scenario- eit mogleg Herøysamfunn i 2027

I høve planarbeidet er det gjennomført framtidsverkstad med brei deltaking frå politisk nivå, brukarorganisasjonar, medarbeidarar og leiarar. Arbeidsgrupper i tenestene har også gjennom sitt arbeid med planen skildra eit ønska framtidsbilete.

For å møte dette bilete av framtida er det nødvendig å endre tenestetilbod og praksis. Dersom helse- og omsorgssektoren lukkast med satsingsområda og tiltaka i planen, vil resultatet kunne bli som skildra under:

- Dei fleste kan bu heime i eigen bustad så lenge dei ønskjer
- Standarden på bustadar er oppgradert og fleire bur i eigen bustad med universell utforming
- Det blir bygd felles bustadar/kollektiv og seniorbustadar som gir meir tryggleik, sosialt fellesskap, støtte og hjelp
- Innbyggjarane i Herøy får forutsigbare og likeverdige tilbod. Rettsikkerheit og brukarmedverknad er ivaretekt

- Varierte aktivitetar, tenester og kulturtilbod er knytt saman i same bygg
- Tenestene er samlokalisert og det er *ei* dør inn til tenestetilbodet. Samarbeidet mellom tenester og profesjon er effektivt og brukaren står alltid i sentrum
- Fleire mestrar eige liv og færre har behov for omfattande og ressurskrevjande tenester.
- Nyttig velferdsteknologi er tatt i bruk på alle trinn i *meistringspyramida*.
- Det er fleire aktørar inne i heimane enn i dei tradisjonelle heimetenestene
- Det frivillige blomstrar. Ungdom, lag og foreiningar er engasjert i miljøskapande arbeid
- Frivillig arbeid er organisert og inkludert i tenestene. Det er oppretta møteplassar for frivillige og det er attraktivt å vere frivillig. Frivillige blir sett og verdsatt
- Dugnadsånd er levende i by og bygd
- Det er opne dagsenter for dei som treng det. Det er aktivitetstilbod for alle brukargrupper.
- Førebygging og meistring er hovudmål i helse og omsorgstenesta
- Det er attraktivt å arbeide i helse og omsorg. Helse- og omsorgsarbeid vert framsnakka av dei som arbeidar i tenesta
- Ungdom er motivert for å bli i Herøy etter utdanning og fleire vil utdanne seg til helse- og ungdomsarbeid
- Tilsette i helse og omsorg har heile stillingar. Det er rett kompetanse på rett stad til rett tid
- Det er fleire lærlingplassar og det er gode læringsvilkår for studentar, lærlingar og andre medarbeidarar
- Det er godt å være ung i Herøy. Oppvekstmiljøet er trygt, godt og utviklande
- Det er lagt til rette for mangfald av aktivitetar og ungdom har mange ulike møteplasser
- Det er rom for å være annleis. Dei som fell utanfor og treng hjelp, får hjelp
- Mangfald, fargerikt fellesskap og rausheit pregar Herøysamfunnet

Satsingsområda og tiltaka knytt til desse skal bidra til at vi nærmar oss framtidsbiletet.

3. Visjon og mål


Herøy- ei båtlengd føre, er Herøy kommune sin visjon. Visjonen seier noko om at vi skal vere framtidsretta og liggje i forkant av utviklinga, men ikkje alltid vere i fremste rekke på alle tenesteområde. Kommunen skal gjere bevisste val på kvar vi skal vere i forkant, og kvar andre kan drage utviklinga vidare. Der vi vel å vere i forkant, skal vi sette oss høge ambisjonar.

Herøy kommune har som eit av sine mål i kommuneplanen sin samfunnsdel, at kommunen skal levere tenester med god kvalitet til alle sine innbyggjarar. Kjerneverdiane til Herøy kommune **respekt, tillit, samhandling** skal bygge opp under dette.

For helse og omsorg inneber det at:

- når du som innbyggjar opplever helseutfordringar, skal du få tilbod om tverrfaglege tenester, slik at utviklinga snur eller vert redusert tidleg.
- vi skal legg til rette for at du som innbyggjar kan ta ansvar for eige liv, ut frå dine føresetnader.
- vi skal spørje deg om kva som er viktig for deg.
- vi skal bygge på dine ressursar, og saman med deg legge til rette for at du med naudsynnte tiltak, kan føle tryggleik og meistring i eige liv.

Herøy kommune byggj tildeling av tenester på BEON-prinsippet. Det inneberer tildeling av tenester etter beste effektive omsorgsnivå. Vi skal syte for at innbyggjarar får kvalitativt gode tenester innan ei fagleg og økonomisk berekraftig ramme. Det føreset at alle tek ansvar for eigen situasjon så langt det er mogleg. Vi skal vurdere bruk av teknologiske løysingar på alle meistringsnivå, før vi sett inn andre tiltak. Meistringspyramiden skal visualisere dette.



4. Seks satsingsområde

Som vi allereie har nemnd er kompetanse, rekruttering, teknologi, organisering og brukarmedverknad viktige verkemiddel om vi skal lukkast i Herøy. Innovasjon og kontinuerleg nytenking vil vere avgjerande for å sikre kvalitet og bærekraft i tenestene også i framtida.

Vi har satt ned seks satsingsområde, som skal vere gjennomgåande for alt vi gjer i helse og omsorg. Desse satsingane skal hjelpe oss å tenke nytt, i alle delar av vårt virke. Som innbyggjar vil du oppleve, at vi legg opp til at du skal vere ein aktiv deltakar i eige liv, sjølv om du treng hjelp av oss.

Brukarmedverknad

Aktivitet og frivilligheit

Førebygging

Meistring

Kunnskap og kompetanse i tenesta

Heilskap

4.1 Brukarmedverknad

Kva vi legg i brukarmedverknad:

Helsedirektoratet viser til at brukarmedverknad er ein lovfesta rett, og tenesteapparatet kan såleis ikkje velje å forhalde seg til det eller ikkje. Brukarar har rett til å medverke, og tenesta har plikt til å involvere brukarar i undersøkingar, behandling og val av tenestetilbod. Brukarmedverknad er eit verkemiddel på fleire nivå. Blant anna kan brukarmedverknad bidra til å treffe betre når det gjeld utforming og gjennomføring av både generelle og individuelle tilbod.

Brukarmedverknad har i tillegg ein eigenverdi i at menneske som søker hjelp, på linje med andre, gjerne vil styre over viktige delar av livet sitt, vil ta i mot hjelp på eigne premissar, og bli sett og respektert i kraft av sin grunnleggande eigenverdi. Dersom brukaren kan påverke omgjevnadane gjennom eigne ressursar og eigne val, vil det igjen kunne påverke sjølvbilete på ein positiv måte og dermed styrke motivasjonen til brukaren. Betringsprosessen kan såleis bli påverka på ein positiv måte og ha ein terapeutisk effekt. I motsett tilfelle kan den hjelpeløysa mange brukarar opplever, bli forsterka.

For å kunne møte utfordringane i framtida, vil det vere viktig å organisere omsorgstenestene på ein måte som utløyser og støttar opp under ressursane til både brukarar, pårørande, born som pårørande, sosialt nettverk, og i nærmiljøet elles. Helsedirektoratet viser til at det viktigaste i møtet mellom bruker og hjelper er god kommunikasjon. Dette fordrar at begge er opne og lydhøre for kvarandre. Om ein av

oss er usikker på noko, er det betre å spørje enn å anta at den andre har oppfatta eller forstått det vi snakkar om. Der er betre å stille eit spørsmål for mykje enn eit for lite. Vi må sette av nok tid til å ta opp det som er viktig for at hjelpa skal bli best mogleg. Hjelpar har fagkunnskap - brukar kjenner problema på kroppen, og veit mest om sine eigne vanskar. Kanskje må vi begge tenke nytt for å få til et likeverdig samarbeid? Brukarerfaring og fagkunnskap må være likeverdige grunnpilarar både i kommunane og i spesialisthelsetenesta.

Når brukarar treng hjelp til å meistre kvardagen er det nokre få, men viktige moment å hugse på for at hjelpar og brukar saman skal kunne finne fram til den beste hjelp og støtte brukaren treng. Desse momenta inkluderer:

- å bli teken på alvor
- å bli behandla med respekt
- å oppleve tillit og trygghet
- å få hjelp når behovet er der

Dette er i tråd med Herøy kommune sine kjerneverdier: **respekt, tillit, samhandling**

Herøy kommune vil:

- ✓ Utvikle tenestene i lag med pasientar, brukarar og deira pårørande. Gjennom meir valfridom og eit større mangfald av tilbod, vil du som innbyggjar få større påverknad på eigen kvardag.

4.2 Aktivitet og frivilligheit

Kva vi legg i aktivitet og frivilligheit:

Folkehelselova § 4 fastslår at kommunane har eit ansvar for folkehelsearbeid og for at kommunen samarbeider med frivillig sektor. Kommunane bør legge til rette for frivillig sektor og utvikle en eigen frivillig-politikk. Eit godt samarbeid mellom offentlig sektor og sivilsamfunnet er sentralt for ein god samfunnsutvikling.

I seinare tid har det kome ei rekke stortingsmeldingar som sett fokus aktivitet og frivilligheit, mellom anna er St. meld 15 (2017-2018) «Leve hele livet» ei reform for aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap. Målet er å ta vare på eldre sitt forhold til familie, venner og sosialt nettverk og skape gode opplevingar og møteplassar på tvers av generasjonar. Fysisk, sosial og kulturell aktivitet skal være tilpassa den einskilde sine interesser, ønsker og behov. Vi veit at mange med demenssjukdom opplever isolasjon og einsemd.⁸ Ein ville hatt større muligheit til å vere meir aktiv og sjølvhjelpet om samfunnet hadde vore betre tilrettelagt. I åra som kjem vil stadig fleire få demens, og det vil bli eit behov for å legge betre til rette, slik at personar med demens lettare kan fortsette å delta i lokalmiljøet.

Når livet blir ekstra sårbart, skal dei eldre få muligheit til samtale, motivasjon og støtte. Slik skal det bli mogleg for eldre å leve livet – heile livet. Som vist til i

⁸ <https://nasjonalforeningen.no/tilbud/demensvennlig-samfunn/>

befolkingsframskrivinga i Herøy blir mange fleire eldre, og kommunen bør legge til rette slik at eldre kan bu sentralt der kultur og aktivitetstilboda er. Eldre som ressurs må vektleggast. Det må vere lagt til rette for at eldre kan vere ressurspersonar i ulike aktiviteter og frivillig arbeid.

Vel så viktig er St. meld 45 (2012–2013) *Frihet og likeverd*. Den politiske målsettinga med den er å legge til rette for at alle, uansett funksjonsnivå, skal kunne delta på lik line i ulike fritidsaktiviteter. Menneske med utviklingshemming skal ha eit kultur- og fritidstilbod som er likeverdig med tilbodet til befolkninga elles. Det skal så langt som mogleg giast eit integrert tilbod, men særleg tilrettelagte tilbod kan i nokre tilfelle vere aktuelt for å imøtekomme variasjon i ønskjer og behov. Brukarundersøkingar i Herøy viser at vi treng betre tilbod til menneske med utviklingshemming. Dei peikar på einsemd, når dei ikkje har eit tilbod å gå til i kvardagen. Skal vi bidra til livskvalitet og livsglede for alle, må vi styrke dette tilbodet.

Forsking peikar på at frivillig arbeid i helse- og omsorgssektoren stimulerast når:

- kommunen samarbeidar med dei frivillige, koordinerer tiltaka og legg til rette med kontor og møteplassar.
- personane som deltek fungerer godt saman, både eldsjelene og kontaktpersonane. Det er lett å ta kontakt med kvarandre.
- dei frivillige opplever glede og god respons på arbeidet.
- det fins ein god porsjon lokalpatriotisme.

I Herøy ser vi behov for nye aktivitets- og meistringstilbod for ulike deler av befolkninga, som til dømes kurstilbod, foredrag, lågterskelrådgivning, turgrupper og klubbar. Val av arena er viktig og tilboda bør vere i nærområde der dei bur.

Herøy kommune vil:

- ✓ Gjere det lett for deg som innbyggjar å vere aktiv i kvardagen.
- ✓ Bli eit demensvenleg samfunn.

4.3 Førebygging

Kva vi legg i førebygging

I Herøy kommune vil vi levere forsvarlege helse og omsorgstenester som er samskapte og bærekraftige. Gjennom å forhindre at skade oppstår, avgrense skadeomfang og hindre følgjetilstandar fremmer tenestene god folkehelse. Slik leggast det til rette for at kvar einskild innbyggjar, som har eller står i fare for å få innskrenka funksjonsevne, kan leve eit mest mogleg sjølvstendig og aktivt liv.

Førebygging er ein fellesnemnar for tiltak på mange samfunnsområder – enten det gjeld å avverje ulykker, minske risiko for helseskader, hindre utstøyting frå

arbeidslivet, senke førekomsten av kriminalitet eller gje støtte til eit barn som står i fare for å komme skeivt ut.

I sektor for helse og omsorg er alle tiltak som fremmer god helse førebyggjande.

- Primærførebyggjande er tiltak som settast inn for å forhindre at eit problem, ein skade eller sjukdom oppstår.
- Sekundærførebyggjande er tiltak som settast inn for å avgrense varigheit av eit problem, ein skade eller sjukdom som har oppstått.
- Tertiærførebyggjande er tiltak som settast inn for å hindre eller avgrense følgetilstandar av eit problem, ein skade eller sjukdom.

Herøy kommune vil:

- ✓ Førebyggje meir gjennom tidleg innsats

4.4 Meistring

Kva vi legg i meistring

Omgrepet livsmeistring handlar om å forstå og ha moglegheit til å påverke avgjerande faktorar for meistring av eige liv. Høg livskvalitet føreset ein god balanse mellom dei krava omgjevnadane stiller og dei føresetnadane enkeltmennesket har.

Tenestene i Herøy kommune skal innrettast på ein slik måte, at det bidreg til auka livskvalitet for innbyggjaren. Det er eit mål å støtte innbyggjaren sine evner og moglegheiter for å meistre kvardagen. Difor er tidleg innsats i alle tenester, gjennom heile livsløpet, viktig for både deg som innbyggjar og oss som kommune.

Habilitering og rehabiliteringsarbeidet og fokuset på kvardagsmeistring, skal fremje deltaking og inkludering i kvardagslivet, både i busituasjon, utdanning, arbeid og aktivitet.

Herøy kommune vil:

- ✓ Kommunen si rolle skal vere å legge til rette for at du som innbyggjar skal meistre din eigen kvardag, slik at du kan leve eit aktivt og godt liv i fellesskap med andre

4.5 Kunnskap og kompetanse i tenesta

Kva vi legg i kunnskap og kompetanse:

Kunnskap blir henta frå forskning, arbeidserfaring, og av brukarane sine erfaringar. Kompetanse er samla kunnskap, evner og haldningar som gjer det mogleg å utføre

aktuelle funksjonar og oppgåver, i tråd med definerte krav og mål. I møte med brukarane er kompetanse ein vesentleg faktor for å oppnå tillit.

Omsorgstenester er ikkje berre eldreomsorg, men dekkjer heile livsløpet. Samfunnsoppdraget til kommunane er i stadig endring grunna utviklinga i samfunnet elles. Befolkninga si samansetting og sjukdomsmønster er i endring, samstundes som det skjer ei forskyving av oppgåver mellom dei ulike helsenivåa. Dette, saman med nye politiske føringar og fagleg og teknologisk utvikling, stiller strenge krav til kommunen si framtidige kompetanse i tenestene. Gjennom nasjonale føringar ligg ei forventning om at kommunane i åra framover skal ta i vare ein større del av dei samla oppgåvene. I framtida vil arbeidsplassane truleg også vere meir kompetanseintensive.

Ein ser også nasjonalt eit stort rekrutteringsbehov, på grunn av generasjonsskifte i helse- og omsorgstenestene. Ei oversikt over alderssamansetninga i Herøy viser at det gjelder også vår kommune. Ei befolkningsframskriving for Herøy kommune 2017-2040, viser at tal eldre vil auke i åra som kjem. Skal vi gi tenester på same måte og med same kvalitet som i dag, må 60-70% av alle nyutdanna eller dei som flyttar til Norge, arbeide i helse- og sosialektoren. For å imøtekomme denne befolkningsveksten, må vi tenke nytt i utforming av tenestetilbodet – i form av innovasjon i tenesteytinga og bruk av velferdsteknologiske løysingar. Tilbod om heile stillingar vil vere viktig for å rekruttere kompetanse til våre tenester.

Der vi ikkje kan gi gode og forsvarlege tenester i eigen regi, må vi samarbeide med andre, gjennom forpliktande samarbeid,

Herøy kommune vil:

- ✓ Vere nytenkande i vidareutvikling av forsvarlege tenestetilbod og fagleg kvalitet i tenesta

4.6 Heilskap

Kva vi legg i heilskap:

Heilskap er deler som høyrer saman, eller eit system. Med eit heilskapleg menneskesyn tenker ein at menneske har fysisk, psykisk, sosial og åndeleg dimensjon og at det er ei eining.

I Herøy skal vi legge til rette for samhandling mellom tenester slik at du som innbyggjar opplever å få eit heilskapleg tilbod. Innbyggjarar med behov for mange tenester treng ofte hjelp frå ulike aktørar. Kommunen må då skape samhandling på tvers av nivå slik at ein kan ivareta innbyggjaren sine mål og behov. Det er ynskjeleg at du som innbyggjar opplever tenestene som tilgjengelege, trygge, heilskapleg og koordinerte. For å lukkast med dette, er vi med i læringsnettverk om gode og heilskaplege pasientforløp. Nøkkelen er kontinuerleg og systematisk forbetningsarbeid.

Helsepersonell har tradisjonelt fokusert på «kva er i vegen med deg?» For framtida ønskjer vi i staden å vite «kva er viktig for deg?» og ha denne brukarmedverknaden som utgangspunkt for tenestetilbodet.

Det er ynskjeleg å samskape tenestetilbodet og sjå heile menneske gjennom heile livet, frå vogge til grav.

Herøy kommune vil:

- ✓ Ha ein sektor for helse- og omsorgsteneste som legg til rette for aktiv deltaking frå deg som innbyggjar, og gje heilskapelege tenester av god fagleg kvalitet.

5. Handlingsplan for perioden 2019 – 2022

Satsingsområde: Brukarmedverknad		Finansiering					
Målsetting: Utvikle tenestene i lag med pasientar, brukarar og deira pårørande. Gjennom meir valfridom og eit større mangfald av tilbod, vil du som innbyggjar få større påverknad på eigen kvardag							
Strategiar	Tiltak	Ressurs- behov. *Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	Frist	2019	2020	2021	2022
Legge til rette for auka brukar- og pårørande-involvering	Bruke «Kva er viktig for deg» som metode for å oppnå brukarmedverknad	*	Kontinuerleg				
	Etablere brukarutval	*	01.01.2020				
	Etablere betre rutinar på system- og individnivå for systematisk inn-henting og bruk av erfaringar frå brukarar og pårørande, herunder born som pårørande	*	01.01.2020				
Digitalisering og velferdsteknologi skal takast i bruk for å styrke innbyggjardialog og medverknad, og for å modernisere tenestetilbodet i takt med utviklinga i samfunnet	Opprette og bruke referansegrupper i befolkninga, for tilbakemelding og utvikling av teneste og kvalitet, i helse og omsorg	*	01.01.2021				
	Nytte digitale nettløysingar til å gjere innbyggjarane til aktive aktørar	*	01.01.2021				
Auke tilsette sin kompetanse på brukarmedverknad, og til å gi informasjon, råd og rettleiing i tenesteyting	Brukarmedverknad som tema på fagdag/personalmøte	*	Kontinuerleg				

Satsingsområde: Aktivitet og frivilligheit	Finansiering
--	--------------

Satsingsområde: Aktivitet og frivilligheit			Finansiering				
Målsetting: Gjere det lett for deg som innbyggjar å vere aktiv i kvardagen							
Strategiar	Tiltak	Ressurs- behov. *Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	Frist	2019	2020	2021	2022
Legge til rette for auka aktivitet og frivilligheit	Styrke og formalisere samarbeidet med frivilligsentralen, for koordinering av frivillig innsats	*	01.06.2019				
	Tilsette ein samfunnskontakt, som vert eit bindeledd og koordinator mot nærmiljø , familie, frivilligheit og lokalsamfunn	1,0 årsverk	01.01.2021			750	750
	Skape gode og tilfredsstillande arenaer og møteplassar for å drive frivillig arbeid	*	Kontinuerleg				
	Det skal vere god samhandling og kommunikasjon mellom det frivillige organisasjonslivet og kommunen	*	Kontinuerleg				
	Kartlegge ressursane innan rus og psykiatri/ personer med utviklingshemming, der ein kan nytte tenestar frå dei i anna frivillig arbeid	*	01.01.2020				
	Sørge for språktrening til nye landsmenn i frivillighetsarbeid/ arbeidstrening	*	Kontinuerleg				
	Bidra til å skape eit godt omdøme for frivilligheita	Framsnakke frivillig arbeid	*	Kontinuerleg			
Fokus på frivilligheit i sosiale mediar. Lage ein film		*	01.01.2020				
Oppsøkande verksemd for rekruttering av frivillige til helse og omsorg		*	Kontinuerleg				
Informasjon skjema/ nyheitsbrev/ informasjonsskriv om frivilligheit i helse og omsorg		*	01.06.2019				

Satsingsområde: Aktivitet og frivilligheit		Finansiering					
	Gjere transporttenesta FRAM Flexx betre kjend	*	01.06.2019				
	Markere frivilligheiten sin dag i helse og omsorg	*	Kvart år				
	Frivillige skal føle at dei er velkomne	*	Kontinuerleg				

Målsetting: Bli eit demensvenleg samfunn							
Ta initiativ til at Herøy kommune skal bli eit demensvenleg samfunn	Opprette kontakt med Nasjonalforeningen for folkehelsen	*	01.01.2020				

Satsingsområde: Førebygging			Finansiering				
Målsetting: Førebyggje meir gjennom tidleg innsats							
Strategiar	Tiltak	Ressurs- behov. *Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	Frist	2019	2020	2021	2022
Fokusere på oppsøking, opplæring og oppfølging for å legge til rette for at innbyggjarane i Herøy tek ansvar for eiga helse.	Innføre kvardagsrehabilitering/ kvardagsmeistringsteam	1,8 Årsverk	01.01.2019	300	960	960	960
	Bygge kultur for kvardagsmeistring	*	Kontinuerleg				
	Gje hjelp på lågast mogleg trinn i meistringspyramiden	*	Kontinuerleg				
	Utvikle lågterskeltilbod for å endre levevaner som kan føre til sjukdom og plager (døme frisklivssentral)	*	01.01.2021				
	Innføre førebyggjande heimebesøk med informasjon om kva aktivitetar som er i kommunen, kva kan du bidra med?	*	01.01.2021				

Satsingsområde: Førebygging		Finansiering					
Tidleg og forsterka innsats for å gje barn ein god start i livet, for at barn og unge får reiskap til å meistre kvardagen	Fast samtale med helsesjukepleiar i skulen	1,0 Årsverk	01.01.2020	0	750	750	750
	Opprette psykologstilling med fokus på barn og unge	1,0 Årsverk	01.01.2019	684	684	1084	1084
	Vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet for barn og unge, særleg dei tverrfaglege teama i skular og barnehagar	*	Kontinuerleg				
	Tidleg involvering og langsiktig planlegging for barn og unge med spesielle behov	*	Kontinuerleg				
	Involvere nettverksressursar, som kan bidra til å styrke den einskilde innbyggjar sin meistringsevne	*	Kontinuerleg				
Ha spesiell fokus på inkludering av flyktningar	Tett samarbeid mellom sektorar i kommunen	*	Kontinuerleg				

Satsingsområde: Meistring			Finansiering				
Målsetting: Kommunen si rolle skal vere å legge til rette for at du som innbyggjar skal meistre din eigen kvardag, slik at du kan leve eit aktivt og godt liv i fellesskap med andre							
Strategiar	Tiltak	Ressurs- behov. *Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	Frist	2019	2020	2021	2022
Tidleg innsats for å avdekke behov	Gi barn og unge meistringsstrategiar i forhold til psykisk helse	*	Kontinuerleg				
	Utarbeide plan mot vald i nære relasjonar	*	01.08.2020				
Trygge innbyggjarane på at dei får naudsynte og individuelt tilpassa tenester	Innføre og implementere heilskaplege pasientforløp i helse og omsorg	*	2019				
	Vurdere og nytte velferdsteknologiske løysingar for å skape meistring og tryggleik, før ein vurderar andre tiltak	*	Kontinuerleg				
	Auka bruk av digitale kanalar til folkeopplysning. til dømes	*	Kontinuerleg				

Satsingsområde: Meistring		Finansiering					
	gjennom oppdatert heimeside og filmar						
	Utbygging og renovering av kjøkkenet ved Herøy omsorgssenter, for å sikre god mat og riktig ernæring til fleire innbyggjarar i kommunen.	Investering	01.01.2021		X		
	Godt og aktivt samarbeid med folkehelsekoordinatoren	*	Kontinuerleg				
	Utvikle rehabiliteringsplan som temaplan til kommunedelplanen	*	01.08.2019				

Satsingsområde: Kunnskap og kompetanse		Finansiering					
Målsetting:							
Vere nytenkande i vidareutvikling av forsvarlege tenestetilbod og fagleg kvalitet i tenesta							
Strategiar	Tiltak	Ressurs-behov. *Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	Frist	2019	2020	2021	2022
Samhandle for å gje forsvarlege tenester, tilpassa den einskilde	Innføre og sikre heilskapelege pasientforløp i heile sektoren	*	01.08.2019				
Satse på kompetanse og sterke fagmiljø	Samlokalisering av ulike fagmiljø som kan bidra til auka kunnskap, tverrsamarbeid og heilskap i tenesta	Kan føre til investering	Kontinuerleg				
	Skape naturlege møteplassar for ulike faggrupper	*	Kontinuerleg				
	Sørge for systematisk opplæring av alle nytilsette	*	Kontinuerleg				
	Bygge heiltidskultur	*	Kontinuerleg				
	Gi støtte til vidareutdanning innan psykisk helse	Satsing i planperiode	I planperioden				
	Gi støtte til vidareutdanning innan geriatri	Satsing i planperiode	I planperioden				

Satsingsområde: Kunnskap og kompetanse		Finansiering					
	Gi støtte til vidareutdanning innan rehabilitering	Satsing i planperiode	I planperioden				
Ha rett kompetanse på rett plass	Bruke sosiale media som kanal både for å nå ut med informasjon, rettleie, ansvarleggjere og rekruttere heile døgnet	*	Kontinuerleg				
Ha godt omdømme når det gjeld å rekruttere og behalde og utvikle fagkompetanse	Overordna strategisk kompetanse- og rekrutteringsplan for heile HO	*	01.01.2020				
Dimensjonere dei ulike tenestene i forhold til behov og nye føringar både i eigen regi og i samarbeid med andre	Vidare utgreiing av legevaktsamarbeid	*/Kostnader frå 2020	2019		X	X	X
	Iverksette og gjennomføre vertskommunesamarbeidet med kring barnevern og NAV.	*	2019				
	Vurdere interkommunalt samarbeid der fagmiljøa er små og sårbare. Styrke fagmiljø og ressurseffektivitet	*	Kontinuerleg				
Nytte nye digitale løysingar for betre ressursutnytting, betre kommunikasjon og sikrere informasjonsutveksling	Søkje aktivt utviklingsprosjekt, ny teknologi og kunnskapsbasert forskning	*	Kontinuerleg				
	Vere open for å ta i bruk nye løysingar for å utvikle tenestene som gjev oss gevinst i tenesteytinga	*	Kontinuerleg				
	Digitalisering og velferdsteknologi skal takast i bruk for å styrke og modernisere tenestetilbodet i takt med utviklinga i samfunnet, slik at velferdsteknologi skal være en integrert del av tjenestetilbudet i omsorgstjenestene innen 2020	*	Kontinuerleg				
Skape kultur for tenesteinnovasjon og utvikling	Dra nytte av statlege satsingsområder og prøve ut nye arbeidsmetodar som til dømes å følge opp reformen «Leve hele livet»	*	Kontinuerleg				
	Gi kunnskap om og opplæring i bruk av ny teknologi	*	Kontinuerleg				


Satsingsområde: Heilskap			Finansiering				
Målsetting: Ha ei helse- og omsorgsteneste som legg til rette for aktiv deltaking frå deg som innbyggjar, og gje heilskapelege tenester av god fagleg kvalitet							
Strategiar	Tiltak	Ressurs- behov. *Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	Frist	2019	2020	2021	2022
Bygge heilskapleg kultur i samhandling med andre sektorar i kommunen	Bygge relasjonskompetanse	*	Kontinuerleg				
	Vidareutvikle sektorovergripande samarbeid.	*	Kontinuerleg				
	Samhandle godt i plan og utviklingsarbeid.	*	Kontinuerleg				
For å møte den demografiske utviklinga, herunder auken av eldre innbyggjarar skal vi bygge fleire omsorgsbustadar og styrke heimebasert omsorg	Vi skal bygge fleire omsorgsbustadar, knytt til sentrale kommunikasjonsenter med handel, kultur og servicetilbod	Investering og drift	01.01.2022			X	X
	Rehabilitering av raud/grøn avdeling før omheimling av institusjonsplassar til bukollektiv og vurdere spesialisering av gjenståande institusjonsplassar	Investering	01.01.2020	X			
Ha tidleg innsats og legge til rette for at innbyggjarane i Herøy skal kunne meistre eigen kvardag, og bu sjølvstendig så lenge som råd i eigen bustad	Bygge og samlokalisere aktivitetstilbod til menneske med ulike behov for å auke sysselsetting og meningsfulle aktivitetar, som fører til auka oppleving av meistring. (Herøy ressursenter) Aktivitetstilbodet bør vere lokalisert sentralt.	Investering	01.01.2023			X	X
	Utvide kapasiteten på dagsenter til menneske med demenssjukdom, gjennom å legge til rette i Myrvåg	Investering og drift	01.01.2022				X
	Gi god og tydeleg informasjon til dei som treng ekstra informasjon	*	Kontinuerleg				

Styrke og differensiere tilbudet innanfor psykisk helse og rus	Bygge fleire individuelt tilpassa bustadar, herunder ROP bustadar med tilpassa bemanning, knytt til sentrale kommunikasjonssenter med handel, kultur og servicetilbod	Investering og drift	01.01.2020	X	X		
	Bygge akutt/nødbustad	Investering	01.01.2020	X			
	Utvikle samarbeidet med spesialisthelsetenesta	*	Kontinuerleg				
Sikre at innbyggjarane opplever trygge og samordna tenester ved å styrke samarbeid og samhandling internt og eksternt med andre samfunnsaktørar	Arbeide kontinuerleg med kvalitet og tryggleik (døme kvalitetssystem)	*	Kontinuerleg				
	Utarbeide kvalitetsstandard for helse og omsorgstenester	*	01.08.2019				
	Utarbeide ein «Eldreplan»	*	01.08.2020				
	Medverke aktivt i utviklinga av Helseplattformen	Investering	Kontinuerleg				
	Vidareutvikle rolla til koordinerande eining	*	01.01.2020				
	Digital samhandling med interne og eksterne samarbeidspartnarar	Investering	Kontinuerleg				
	Meir tverrfagleg samarbeid knytt til førebygging og behandling	*	Kontinuerleg				
Styrke fokuset på livsmestring, og tiltak som bygg opp under dette.	Møte innbyggjaren med omtanke og respekt, og ha fokus på mestring og heilskap i dei ulike overgangane i livet	*	Kontinuerleg				
	Gjennomføre mestrings- og læringskurs	*	01.01.2021				
	Gjennomføre foreldrekurs	*	01.01.2020				
	Betre informasjon til innbyggjarane – Den enkelte har eit ansvar for eige liv og kan gjere grep sjølv for å for eksempel planlegge alderdommen	*	01.01.2020				

Kommunalsjefen si leiargruppa har ansvar for at handlingsplanen vert fylgt opp gjennom årsplanar og budsjettarbeid, i samarbeid med sine tilsette og andre samarbeidspartar.

Referatsaker

RS 55/18 Referat frå møte i ungdomsrådet 23.05.2018. Referat frå møte i ungdomsrådet 23.05.2018. 22.11.2018 00:00:00



HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga
Sakliste for ungdomsrådet

saksnr arkiv avd /sakshandsamar dato

Til stades: Filip, Celina, Sigve, Torgeir, Mathias, Christina, Helene, Maria
Sakliste:

Det vart halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 23.mai kl 17.00
Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi starta med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.

Sakliste:

Sak 25/17-18 UNGfestival 2018

Kva er på plass: Turab, Mads Veslelia, Cir.cuz, Lisa Uhlen + 2 dansarar, Ufokusert

Utstillerar: Bassbrothers, Automarine: Utstilling av ATV, båtar, båtmotorar, pidder.

Kva meir er ynskjeleg?

Helen Style: Sminking

Rånebilutstilling

Intersport: salstand

LAN-bumperballs

Herøy og Sande jeger og fiskeforening

Fotoklubben utstilling: Eivind Sævik

2.kl vidaregåande- matstand

Handelstanden: Moteshow (ungdomskle)

Og-cart Leikong Eva Lena Husøy

Dykkerklubben


Herøy kajakklubb: Joakim Eiksund

Biljardklubben

Eventuellt

Ref: Mona

Kopi:
Arnulf Goksøyr
Eileen Gjerde



Kulturavdelinga Sakliste for ungdomsrådet

saksnr arkiv avd /sakshandsamar dato

Sakliste:

Det vart halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 18.juni kl 17.00

Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi startar med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.

Sakliste:

**Sak 26/17-18 Renate Rossi Kaldhol la fram delplan for Helse/Omsorg
Spm til ungdomsrådet:**

Kva meiner ungdomsrådet er viktig at vi tenker på når vi skal planlegge helse og omsorg for framtida?

Herøy ungdomsråd ynskjer meir helsesyster i skulen og kanskje ein skulepsykolog.

Kan vi sikre medverknad betre enn vi gjer i dag? Ev korleis?

Herøy ungdomsråd syns dette er vanskelig å svare på, men kanskje ein kan få meir medverknad ved at fleire kan få uttale seg?

Når vi skal prioritere satsingsområde/styrking av tenester: Kva meiner vi skal prioritere?

For ungdom er meir helsesyster i skulen viktig og gjerne ein skulepsykolog.

Kva tenkjer ungdomsrådet er viktig når vi snakkar om lokalisering av tenestetilbod?

At for eksempel helsesyster har møterom på ein plass på skulen som ikkje er synlig for alle som går forbi og at helsestasjon for ungdom blir orientert om ved skulestart slik at fleire veit om det

Andre tema ungdomsrådet vil ta opp i samband med planarbeid?


Herøy ungdomsråd har eit primærynskje og det er meir helsesyster inn i skulen.

Sak 27/17-18 Farleg skuleveg mellom Sandvika og Stokksund

Herøy ungdomsråd skreiv ein høyringsuttale som blir sendt til komité for oppvekst og kommunalsjef for oppvekst.

Eventuellt

Ref: Mona



Kulturavdelinga Sakliste for ungdomsrådet

saksnr

arkiv

avd /sakshandsamar

dato

Til stades: Helena, Helene, Ingeborg, Celina, Maria, Torgeir, Mathias, Christine
Sakliste:

Det vart halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 18. april kl 17.00
Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi starta med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.

Sakliste:

Sak 20/17-18 Uheldig misforståing. Dans med skjenkeløyve og rusfritt arrangement på kulturhuset samtidig

- Arrangementet blei avlyst grunna sjukdom. Det blei forsøkt med nytt band, men berre ei handfull påmeldte gjorde at det vart avlyst.

Sak 21/17-18 Artistar til UNGfestivalen 2018

Herøy ungdomsråd kom med ynskjer om artistar. Koordinator innhentar prisar på «pakkeløysingar» frå artistformidlar

Sak 22/17-18 Samarbeid med biblioteket om foredrag.

Herøy ungdomsråd stiller seg positivt til dette.

Sak 23/17-18 Tanja og Camilla kjem og snakkar om aktuelle samarbeidspartnerar i høve ungdata.

Tanja gikk igjennom kva som har blitt gjort til no og kva vedtak kommunestyret gjorde i mars.

24/17-18: Etablere dialogplattform. Kven er aktuelle aktørar?

Herøy ungdomsråd diskuterte kven som bør sitje i eit slikt forum og kom fram til: Ungdomsrådet, LAN, Fritidsklubben, UMM, Helsesyster, miljøarbeiderar, lærarar, komité for oppvekst, kirkene, elevrådsleierar frå både ungdomsskulane og vidaregåande, idrettslag, handball/fotball, folkehelsekoordinator.

Kor mange faste? Samarbeidspartnerar? Kor ofte skal ein ha møte? Dagtid/kveld?


Kva kan vere aktuelle saker? Meir helsesyster i skulen, SFO for ungdomsskulen, mekkeverksted

Vedtak

Herøy ungdomsråd ynskjer i fyrste omgang å invitere aktuelle aktørar alt etter sak.

Eventuellt

Ref; Mona



HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga Sakliste for ungdomsrådet

saksnr arkiv avd /sakshandsamar dato

Til stades: Celina, Ingeborg, Helena, Helene, Mathias, Maria, Sigve, Christine, Jørgen
Sakliste:

Det vart halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 19. september kl 17.00
Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi startar med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.

Sakliste:

Sak 28/17-18 Fast time for alle med helsesyster

- Helsesyster informerte.

Herøy ungdomsråd skriv eigen uttale.

Sak 29/17-18 Vakttelefon for barn og ungdom som treng nokon å snakke med, knytt til helsesyster

- helsesyster informerte

Herøy ungdomsråd skriv eigen uttale.

Sak 30/17-18 Uttale om «Kva skal til for å skape gode oppvekstvilkår og fritidstilbod i vår kommune?»

Eit «sterkare» sentrum, Kjøpesenter er sosialt. Møteplassar der ein kan møtast utan å måtte kjøpe noko. Meir open fritidsklubb

Sak 31/17-18 Farleg skuleveg mellom Sandvika og Stokksund

Sak 32/17-18 Evaluering av UNGfestival 2018

Herøy ungdomsråd er svært nøgde med gjennomføringa. Veldig bra artistar. Vi bør vurdere om begynnelsen av september er den best egna tida på året å ha dette arrangementet då det er kort tid til å reklamere på skulane. Lokala blei veldig varme. Er det mulig å få meir luft? Takluker?

Sak 33/17-18 Invitasjon om å delta på «Verdensdagen for psykisk helse» 10.okt

Herøy ungdomsråd ynskjer å ha stand.

Sak 34/17-18 Invitasjon til opning av klatreparken 29.sept.

Postadresse:
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Postmottak@heroy.kommune.no
Telefon: 70 08 13 00
Telefaks: 70 08 13 01

www.heroy.kommune.no
Org. nr: 964 978 840
Bankgiro: 6566.05.01376

Leiar Helena møter for ungdomsrådet


Sak 35/17-18 Skuleval 2018

Herøy ungdomsråd valte Ingeborg Moltumyr og Viktor Skarbø som medlemmar frå Stokksund. Dei som stilte til gjenval blei valt inn att.

Eventuellt

Kan møta flyttast til 16:00? Svar:ja

Ref: Mona



Kulturavdelinga Sakliste for ungdomsrådet

saksnr

arkiv

avd /sakshandsamar

dato

Sakliste:

Det vart halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 21. november kl 16.00

Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi startar med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.

Til stades: Ingeborg R, Ingeborg M, Maria, Christine, Sigve, Torgeir, Jørgen, Mathias, Helena, Helene

Sakliste:

Sak 35/17-18: Konstituering.

- **Val av nestleiar: Torgeir**
- **Val av representant i juryen for kulturprisen/ungdommens kulturpris: Helena**
- **Val av representant jury UKM (scene og kunst) Maria, Ingeborg**

Sak 36/17-18 Helena og Torgeir informerer frå UFT. Kva skal vi jobbe vidare med?

- UFT handla mykje om Nordøyvegen. Det er ikkje lagt noko føring for kva ungdomsråda skal jobbe samla for vidare.

-

Sak 37/17-18: Samarbeid biblioteket.

I samband med Ungdata og fokus på psykisk helse ønskjer vi å tilby eit foredrag til alle 10.klassene samt 1.året vidaregåande. Det er eit foredrag av Simen Almås med tittelen «Tilbake til livet» Som 13 åring blei han livstruande brannskadd. I 2011 overlevde han 22.juli-tragedien. Foredraget har fått svært gode tilbakemeldingar og vi prøver å få det til i januar.

Herøy ungdomsråd stiller seg positive til samarbeid og ønskjer å gjennomføre det.

Sak 38/17-18:

Invitere ungdomsrådet til dialog med aktuelle kommunale organ for å få til møteplassar for ungdom i tråd med dei ynskja som er signalisert i gruppearbeidet.

Spm: Er dette følgt opp ? Kva ligg i dette og kva ynskjer ungdomsrådet : Kan det vere ei moglegheit å etablere ein ungdomsrepresentant(leiar i ungdomsrådet) med talerett i politiske organ på linje med barnerepresentanten ?

Herøy ungdomsråd har ytra ynskje om meir open fritidsklubb, eller SFO/lekseplass som det blir kalla. Vi registrerer at kommunestyret vil vurdere muligheita for å få dette tiltaket inn i budsjettet 2019.

Herøy ungdomsråd er positive til forslaget om å etablere ein ungdomsrepresentant men trur det kan bli vanskeleg å gjennomføre om desse møta er lagt til dagtid. Leiar i ungdomsrådet har eit avgrensa timetal der ho får godkjent fråvær til ungdomsrådsarbeid.

Herøy ungdomsråd ynskjer svar på: Kor mange møter er det snakk om? Kva politiske organ er det snakk om?

Sak 39/17-18

Etablere ei dialogplattform med ungdomsrepresentantar og andre aktuelle aktørar. Dialogplattforma skal arbeide vidare med tiltak i ungdomsarbeidet.

Ungdomsrådet vedtok at denne dialogplattforma skal ha sitt utspring i ungdomsrådet, der dei kallar inn etter behov. Dialogplattforma er etablert med ungdomsrådet som fast deltakande og aktivitet vil avhenge av ungdomsrådet sine initiativ til møter med ulike ynskde deltakarar.

Spm: Kva er gjort og kva plan har ungdomsrådet vidare ?

Herøy ungdomsråd hadde møte med helsesøster den 19/9-18 På dette møtet informerte helsesyster om dagens situasjon og kva ungdomen har ytra ønskje om (Ungdata) Det blei også diskutert om det burde vore oppretta ein vakttelefon for ungdom. Herøy ungdomsråd meiner at det er viktigare med meir helsesyster i skulen enn ein vakttelefon då det finns gode løysingar frå før (Kirkens SOS, røde kors kors på halsen og fleire) Herøy ungdomsråd skreiv ein uttale som er sendt til oppvekstkomiteen og rådmannen der dei ber om at det blir tatt høgde for dette i budsjettet for 2019

Plan vidare: Herøy ungdomsråd skal ha eit samarbeidsmøte med Fritidsklubben den 11.desember. Tema: Korleis skape inkluderande arenaer for born og unge?

Fritidserklæringa seier at alle born og unge skal kunne delta på minst ein fritidsaktivitet saman med andre, uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn. Dette er forankra i barnekonvensjonens artikkel 31.

Alle born og unge har rett til kvile, fritid og leik, og til å delta i kunst og kulturliv.

Sak 40/17-18

Budsjett og økonomiplan

Spm: Kva synspunkt har ungdomen på tiltaka som er skissert i budsjettet ? Eg viser då til :

«I samband med budsjettarbeidet for 2019 vil kommunestyret vurdere muligheita for å få følgjande tiltak inn i budsjettet for 2019:

- 1. Midlar til tilrettelegging for «SFO»/lekseplass på kulturhuset.*
- 2. Midlar til auke av hall-kapasiteten (er under arbeid).*

3. *Midlar til tilrettelegging for fleire møteplassar for uorganisert aktivitetar for ungdom.*
4. *Midlar til etablering av mobbeombud / fokus på tiltak mot mobbing*

Herøy ungdomsråd meiner dette er svært gode tiltak og håper voner kommunestyret vil få tiltaka inn i budsjett for 2019

Eventuellt

Ref: Mona

Kopi:
Arnulf Goksøyr
Eileen Gjerde

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]
Sendt: 04.12.2018 12:55:35
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Vedtak frå Volda kommunestyre - Søre Sunnmøre Tingrett - Domstolgrense

Fra: Sonja Håvik

Sendt: 3. desember 2018 10:16

Til: 'postmottak@domstoladministrasjonen.no' <postmottak@domstoladministrasjonen.no>

Kopi: 'postmottak@jd.dep.no' <postmottak@jd.dep.no>; 'sore.sunnmore.tingrett@domstol.no' <sore.sunnmore.tingrett@domstol.no>; Ørsta postmottak <postmottak@orsta.kommune.no>; Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>; Sande Kommune <sande.kommune@sande-mr.kommune.no>; Postmottak Vanylven <postmottak.vanylven@vanylven.kommune.no>; Ulstein Postmottak <postmottak@ulstein.kommune.no>; Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>; 'sunnmore.jordskifterett@domstol.no' <sunnmore.jordskifterett@domstol.no>

Emne: 321173_READONLY

Vedtak frå Volda kommunestyre vedk. Søre Sunnmøre Tingrett - Domstolgrense.

Med venleg helsing

Sonja Håvik



førstekonsulent

sektor kultur og service

mobil 92889326 tlf. 70058882

www.volda.kommune.no



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Domstolkommisjonen

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2018/582	16671/2018	023	SVK/ SONHAV	03.12.2018

MELDING OM POLITISK VEDTAK - SØRE SUNNMØRE TINGRETT - DOMSTOLGRENSER

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 29.11.2018, hadde føre ovannemnde som sak PS 129/18, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret i Volda aksepterer ikkje at Justisdepartementet framskundar Domstolkommisjonen si strukturutgreiing med frist allereie i oktober 2019. Vi krev at kommisjonen skal fylgje det vedtekne mandatet og framdriftsplanen frå 2017 og legg fram ein samla innstilling i august 2020.***
- 2. Volda kommune opplever at Justisdepartementet og Domstoladministrasjonen på denne måten overstyrer prosessen slik at Stortinget ikkje får ei felles sak til handsaming.***
- 3. Kommunestyret syner vidare til statsministeren sin uttale i samband med regjeringserklæringa om spreiding av makt og mynde, og at potensialet for utvikling skal ivaretakast i alle delar av landet- i distriktet og i byar.***
- 4. Tingretten på Søre Sunnmøre spelar ei viktig samfunnsmessig rolle i heile "Eiksundregionen" og i delar av Nordfjord ved:***
 - a. God tilgang på kvalifisert arbeidskraft.***
 - b. Utgangspunkt for eit juridisk kompetansemiljø i vekst- jfr uttale frå advokatar i regionen***
 - c. Positive ringverknader for offentleg og privat næring i regionen og dermed tilflytting og busetnad***
 - d. Tingretten yter gode tenester med nærleik til brukarar gjennom kort reiseveg og god lokalkunnskap. Dette er viktig for å sikre god kvalitet på forklaringar frå vitner, partar og politiet. Kort reiseveg reduserer reisekostnader. Sentralisering med auka reiseveg for alle vil vere ei miljømessig ulempe.***
- 5. Evaluering frå 2010 i samband med tidlegare strukturendring av domstolane dokumenterer ikkje innsparring. Sentralisering vil skyve kostnader over på brukarane.***
- 6. Før det vert gjort vedtak om domstolstruktur skal kommunane høyrast.***
- 7. Ny domstolstruktur og organisering skal handsamast politisk i Stortinget.***
- 8. Eventuelle samanslåingar eller felles leing av domstolar skal skje frivillig og med bakgrunn i lokal semje.***

9. Ei samanslåing av jordskifteretten og tingretten vil vere positivt. Likeins bør det arbeidast for å inkludere Ulstein og Hareid under dekningsområde for Søre Sunnmøre Tingrett.

10. Søre Sunnmøre Tingrett - Rettskrins:

- Søre Sunnmøre Tingrett sin rettskrins er i dag samansett av kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ørsta og Volda.**
- Fram til 1967 tilhørde også kommunane Hareid og Ulstein denne rettskrinsen, men dei vart då flytta over til Sunnmøre Tingrett. Grunngivinga for denne flyttinga var at til Ålesund var det betre/enklare båtkommunikasjon enn til Volda. Her er situasjonen sidan då totalt forandra. Eiksundsambandet frå 2008, har gitt ferjefri veg frå desse kommunane til Volda. - Det kan her vidare vere interessant å peike på at rekvirentar frå begge desse 2 kommunane i dag er storbrukarar av notarialtenester frå Søre Sunnmøre Tingrett.**
- Med omsyn til nye samferdselstilbod kan det og nemnast at Kvivsvegen frå 2014, - gir ferjefritt samband frå Volda til t.d. kommunane Hornindal, Stranda og Stryn.**

Slik Volda kommune ser det, vil det difor no vere nokså naturleg at den noverande rettskrinsen til Søre Sunnmøre Tingrett vert utvida til å omfatte fleire nye kommunar

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Justisdepartementet
Søre Sunnmøre tingrett
Sunnmøre jordskifterett
Ørsta kommune
Herøy kommune
Sande kommune
Vanylven kommune
Ulstein kommune
Hareid kommune

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2018/582

Arkivkode: 023

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
160/18	Formannskapet	30.10.2018
129/18	Kommunestyret	29.11.2018

SØRE SUNNMØRE TINGRETT - DOMSTOLGRENSER

Handsaming:

Arild Iversen, Krf, kom med slikt framlegg til nytt punkt 9:

Ei samanslåing av jordskifteretten og tingretten vil vere positivt. Likeins bør det arbeidast for å inkludere Ulstein og Hareid under dekningsområde for Søre Sunnmøre Tingrett.

Odd A. Folkestad, Volda FrP, kom med slikt framlegg til nytt punkt 10:

Søre Sunnmøre Tingrett - Rettskrins:

- *Søre Sunnmøre Tingrett sin rettskrins er i dag samansett av kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ørsta og Volda.*
- *Fram til 1967 tilhørde også kommunane Hareid og Ulstein denne rettskrinsen, men dei vart då flytta over til Sunnmøre Tingrett. Grunngivinga for denne flyttinga var at til Ålesund var det betre/enklare båtkommunikasjon enn til Volda. Her er situasjonen sidan då totalt forandra. Eiksundsambandet frå 2008, har gitt ferjefri veg frå desse kommunane til Volda. - Det kan her vidare vere interessant å peike på at rekvirentar frå begge desse 2 kommunane i dag er storbrukarar av notarialtenester frå Søre Sunnmøre Tingrett.*
- *Med omsyn til nye samferdselstilbod kan det og nemnast at Kvivsvegen frå 2014, - gir ferjefritt samband frå Volda til t.d. kommunane Hornindal, Stranda og Stryn.*
- *Slik Volda kommune ser det, vil det difor no vere nokså naturleg at den noverande rettskrinsen til Søre Sunnmøre Tingrett vert utvida til å omfatte fleire nye kommunar.*

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Arild Iversen, nytt punkt 9, vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Odd A. Folkestad, nytt punkt 10, vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 29.11.2018

1. *Kommunestyret i Volda aksepterer ikkje at Justisdepartementet framskundar Domstolkommisjonen si strukturutgreiing med frist allereie i oktober 2019. Vi krev at kommisjonen skal fylgje det vedtekne mandatet og framdriftsplanen frå 2017 og legg fram ein samla innstilling i august 2020.*
2. *Volda kommune opplever at Justisdepartementet og Domstoladministrasjonen på denne måten overstyrer prosessen slik at Stortinget ikkje får ei felles sak til handsaming.*
3. *Kommunestyret syner vidare til statsministeren sin uttale i samband med regjeringserklæringa om spreiding av makt og mynde, og at potensialet for utvikling skal ivaretakast i alle delar av landet- i distriktet og i byar.*
4. *Tingretten på Søre Sunnmøre spelar ei viktig samfunnsmessig rolle i heile "Eiksundregionen" og i delar av Nordfjord ved:*
 - a. *God tilgang på kvalifisert arbeidskraft.*
 - b. *Utgangspunkt for eit juridisk kompetansemiljø i vekst- jfr uttale frå advokatar i regionen*
 - c. *Positive ringverknader for offentleg og privat næring i regionen og dermed tilflytting og busetnad*
 - d. *Tingretten yter gode tenester med nærleik til brukarar gjennom kort reiseveg og god lokalkunnskap. Dette er viktig for å sikre god kvalitet på forklaringar frå vitner, partar og politiet. Kort reiseveg reduserer reisekostnader. Sentralisering med auka reiseveg for alle vil vere ei miljømessig ulempe.*
5. *Evaluering frå 2010 i samband med tidlegare strukturendring av domstolane dokumenterer ikkje innsparring. Sentralisering vil skyve kostnader over på brukarane.*
6. *Før det vert gjort vedtak om domstolstruktur skal kommunane høyrast.*
7. *Ny domstolstruktur og organisering skal handsamast politisk i Stortinget.*
8. *Eventuelle samanslåingar eller felles leiing av domstolar skal skje frivillig og med bakgrunn i lokal semje.*
9. *Ei samanslåing av jordskifteretten og tingretten vil vere positivt. Likeins bør det arbeidast for å inkludere Ulstein og Hareid under dekningsområde for Søre Sunnmøre Tingrett.*
10. *Søre Sunnmøre Tingrett - Rettskrins:*
 - *Søre Sunnmøre Tingrett sin rettskrins er i dag samansett av kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ørsta og Volda.*
 - *Fram til 1967 tilhørde også kommunane Hareid og Ulstein denne rettskrinsen, men dei vart då flytta over til Sunnmøre Tingrett. Grunngivinga for denne flyttinga var at til Ålesund var det betre/enklare båt kommunikasjon enn til Volda. Her er situasjonen sidan då totalt forandra. Eiksundsambandet frå 2008, har gitt ferjefri veg frå desse kommunane til Volda. - Det kan her vidare vere interessant å peike på at rekvirentar frå begge desse 2 kommunane i dag er storbrukarar av notarialtenester frå Søre Sunnmøre Tingrett.*

- *Med omsyn til nye samferdselstilbod kan det og nemnast at Kvivsvegen frå 2014, - gir ferjefritt samband frå Volda til t.d. kommunane Hornindal, Stranda og Stryn.*
- *Slik Volda kommune ser det, vil det difor no vere nokså naturleg at den noverande rettskrinsen til Søre Sunnmøre Tingrett vert utvida til å omfatte fleire nye kommunar.*

Handsaming:

Arild Iversen kom med slikt framlegg:

1. *Kommunestyret i Volda aksepterer ikkje at Justisdepartementet framskundar Domstolkommisjonen si strukturutgreiing med frist allereie i oktober 2019. Vi krev at kommisjonen skal fylgje det vedtekne mandatet og framdriftsplanen frå 2017 og legg fram ein samla innstilling i august 2020.*
2. *Volda kommune opplever at Justisdepartementet og Domstoladministrasjonen på denne måten overstyrer prosessen slik at Stortinget ikkje får ei felles sak til handsaming.*
3. *Kommunestyret syner vidare til statsministeren sin uttale i samband med regjeringserklæringa om spreining av makt og mynde, og at potensialet for utvikling skal ivaretakast i alle delar av landet- i distriktet og i byar.*
4. *Tingretten på Søre Sunnmøre spelar ei viktig samfunnsmessig rolle i heile "Eiksundregionen" og i delar av Nordfjord ved:*
 - a. *God tilgang på kvalifisert arbeidskraft.*
 - b. *Utgangspunkt for eit juridisk kompetansemiljø i vekst- jfr uttale frå advokatar i regionen*
 - c. *Positive ringverknader for offentleg og privat næring i regionen og dermed tilflytting og busetnad*
 - d. *Tingretten yter gode tenester med nærleik til brukarar gjennom kort reiseveg og god lokalkunnskap. Dette er viktig for å sikre god kvalitet på forklaringar frå vitner, partar og politiet. Kort reiseveg reduserer reisekostnader. Sentralisering med auka reiseveg for alle vil vere ei miljømessig ulempe.*
5. *Evaluering frå 2010 i samband med tidlegare strukturendring av domstolane dokumenterer ikkje innsparing. Sentralisering vil skyve kostnader over på brukarane.*
6. *Før det vert gjort vedtak om domstolstruktur skal kommunane høyrast.*
7. *Ny domstolstruktur og organisering skal handsamast politisk i Stortinget.*
8. *Eventuelle samanslåingar eller felles leiging av domstolar skal skje frivillig og med bakgrunn i lokal semje.*

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Arild Iversen. Framlegget frå Arild Iversen vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 30.10.2018 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret i Volda aksepterer ikkje at Justisdepartementet framskundar Domstolkommisjonen si strukturutgreiing med frist allereie i oktober 2019. Vi krev at kommisjonen skal fylgje det vedtekne mandatet og framdriftsplanen frå 2017 og legg fram ein samla innstilling i august 2020.*
2. *Volda kommune opplever at Justisdepartementet og Domstoladministrasjonen på denne måten overstyrer prosessen slik at Stortinget ikkje får ei felles sak til handsaming.*
3. *Kommunestyret syner vidare til statsministeren sin uttale i samband med regjeringserklæringa om spreiding av makt og mynde, og at potensialet for utvikling skal ivaretakast i alle delar av landet- i distriktet og i byar.*
4. *Tingretten på Søre Sunnmøre spelar ei viktig samfunnsmessig rolle i heile "Eiksundregionen" og i delar av Nordfjord ved:*
 - a. *God tilgang på kvalifisert arbeidskraft.*
 - b. *Utgangspunkt for eit juridisk kompetansemiljø i vekst- jfr uttale frå advokatar i regionen*
 - c. *Positive ringverknader for offentleg og privat næring i regionen og dermed tilflytting og busetnad*
 - d. *Tingretten yter gode tenester med nærleik til brukarar gjennom kort reiseveg og god lokalkunnskap. Dette er viktig for å sikre god kvalitet på forklaringar frå vitner, partar og politiet. Kort reiseveg reduserer reisekostnader. Sentralisering med auka reiseveg for alle vil vere ei miljømessig ulempe.*
5. *Evaluering frå 2010 i samband med tidlegare strukturendring av domstolane dokumenterer ikkje innsparing. Sentralisering vil skyve kostnader over på brukarane.*
6. *Før det vert gjort vedtak om domstolstruktur skal kommunane høyrast.*
7. *Ny domstolstruktur og organisering skal handsamast politisk i Stortinget.*
8. *Eventuelle samanslåingar eller felles leiging av domstolar skal skje frivillig og med bakgrunn i lokal semje.*

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret syner til saksutgreiinga under og krev;

1. *Nei til raskare avklaring av ny domstolsstruktur. Kommisjonen skal fylgje det vedteke mandatet og framdriftsplan og legge fram ein samla NOU i august 2020.*
2. *Før det vert gjort vedtak om domstolstruktur skal kommunane høyrast.*
3. *Ny domstolsstruktur og organisering skal handsamast politisk i Stortinget.*
4. *Eventuelle samanslåingar eller felles leiging av domstolar skal skje frivillig og med bakgrunn i lokal semje.*

Vedleggsliste:

- Skriv frå Kvitseid kommune d.s. 09.08.2018 Opprop domstolorganisering og strukturendring m/vedlegg
- Skriv frå div. advokatar d.s. 01.03.2018 vedkomande endring av domstolgrenser.

Uprenta saksvedlegg:

- Evaluering av strukturendringene i førsteinstansdomstolene 06.10.2010.

Samandrag av saka:

Justis- og beredskapsdeptet. har sett ned eit utval som skal greie ut domstolane si organisering. Utvalet skal gje si innstilling til justis- og beredskapsdeptet. innan 11. august 2020. Tidlegare i år bestemte Justisdepartementet at spørsmålet om sjølv **domstolstrukturen** skal lyftast ut i **eigen utgreiing med frist allereie i oktober 2019**.

Rådmannen er svært kritisk til prosessen det no er lagt opp til med å framskande strukturutgreiinga. Dette vil kunne medføre at Stortinget ikkje får ei felles sak til handsaming.

I tillegg er rådmannen og kritisk til at prosessen om omorganisering ikkje legg opp til å involvere det lokal/regionalpolitiske nivået, då det ikkje berre er dei statlege arbeidsplassane ved Søre Sunnmøre tingrett som ved denne **utgreiinga er sett i spel**, men også i stor grad vilkåra for vekst og utvikling av eit heilskapeleg næringsliv i heile Eiksundregionen. Eg syner i den samanheng til grunngevingane lenger nede i saksutgreiinga.

Saksopplysningar/fakta:

Volda kommune er kjent med at regjeringa i 2017 sette ned eit utval som skal utgreie domstolane si organisering. Utvalet skal gje si innstilling til justis- og beredskapsdeptet. Innan 11. august 2020.

Mandatet var:

- Domstolsoppgåver og organisering
 - Domstolens og dommerens uavhengighet
 - Saksbehandling i ankeinstans
 - Domstolstruktur

Det har ved fleire høve tidlegare gjort forsøk på strukturendring i domstolorganiseringa. Seinast i 2014 vart det gjort samlokalisering mellom fire tingrettar og jordskifterettar samt samanslåing av seks tingrettar til tre gjennomført.

Det vidare arbeidet med samanslåingar vart stoppa av **Justiskomiteen** sidan det ikkje var Stortingsfleirtal for vidare gjennomføring av prosessen.

Grepet som no vert gjort ved at Regjeringa framskandar Domstolkommisjonen si strukturutgreiing og legg fram resultatet i 2019, eit år før NOU skal ut på høyring, er **ikkje politisk bestemt**, og kan tolkast som om Justisdepartementet og Domstoladministrasjonen ynskjer å overstyre prosessen for å unngå at Stortinget får ei felles sak til handsaming.

Ordføraren har tidlegare i haust saman med ei rekkje andre ordførarar støtta krav om;

- Nei til raskare avklaring av ny domstolsstruktur. Kommisjonen skal fylgje det vedteke mandatet og framdriftsplanen, og legge fram ein samla NOU i august 2020.
- Ny domstolsstruktur skal handsamast politisk i Stortinget.

Statlege arbeidsplassar i «Eiksundregionen»

Det vert i ulike samanhengar rettvis påpeika at Volda kommune har ein stor andel offentlege arbeidsplassar. Ser ein derimot på arbeidsmarknad-/pendlingsregionen «Eiksundregionen», ligg denne delen av fylket, med unntak av «Kristiansundregionen» lågt med omsyn til statlege arbeidsplassar i høve til resten av fylket. Samvirket mellom den sterke og viktige maritime næringa på ytre delen av «Eiksundregionen» og industrien i Ørsta på den eine sida og dei offentlege/statlege arbeidsplassane i indre del av regionen (les; m.a sjukehus, Helfo, høgskule, lånekasse, tingrett og jordskifterett) har vore avgjerande for den positive utviklinga som har skjedd i «Eiksundregionen» spesielt etter at Eiksundsambandet kom på plass. Når Møre og Romsdal i tillegg ligg svært lågt med statlege arbeidsplassar i høve til resten av landet vil ein måtte hegne om dei statlege arbeidsplassane ein har og heller kunne ha krav om at fleire vert tilført fylket og regionen. Spesiell når dei arbeidsplassane ein har er svært velfungerande, lette å rekruttere til, kjem godt ut økonomisk og i tillegg er effektive.

	Folketal	Arbeidspl.	Statlege	Del statlege	Arb.ledige*
Eiksundregionen	48 188	22 080	1 357	6 %	3,5 %
Ålesundsregionen	96 889	48 128	4 481	9 %	2,1 %
Moldere regionen	65 303	31 400	3 280	10 %	2,4 %
Kristiansundsregionen	55 894	25 206	1 490	6 %	2,6 %
Sum Møre og Romsdal	266 274	126 814	10 608	8 %	2,5 %
Sum landet	5 258 317	2 591 904	297 875	11 %	2,5 %

Kjelde: SSB
Attraktive byar og
tettstader. M&Rfylke

*) Sept. 2017 NAV

Søre Sunnmøre tingrett - historisk

Søre Sunnmøre tingrett i Volda har eksistert sidan 1798. Inntil 1967 var rettskrinsen til Søre Sunnmøre tingrett samansett av kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda. I 1967 vart Hareid og Ulstein flytta over til Sunnmøre tingrett sin rettskrins med rettsstad i Ålesund, slik at i dag er det Vanylven, Sande, Herøy, Ørsta og Volda som tilhøyrrer vår rettskrins.

Søre Sunnmøre tingrett i dag

I dag er det sju stillingsheimlar i Søre Sunnmøre tingrett. Desse er fordelt på sorenskrivar, 2 dommarfullmektigar og fire sakshandsamarar. Dommarfullmektigstillingane er engasjementsstillingar med maksimalt tre års tilsettingstid (dette er lovregulert).

God tilgang på kvalifisert arbeidskraft – god rekruttering

Søre Sunnmøre tingrett har hatt og har, svært mange søkjarar til ledige stillingar ved embetet, heilt på linje med og også fleire søkjarar enn ved større domstolar i byane.

Då sorenskrivarstillinga vart utlyst i august 2011, var det 15 søkjarar til stillinga. Til samanlikning var det berre fire søkjarar til stillinga som sorenskrivar i landet sin største

tingrett, Oslo tingrett, og berre fem søknader til stillinga som sorenskrivar i Kristiansand tingrett, no i 2018.

Det var 59 søkjarar til ledig sakshandsamarstilling i 2015 og 46 søkjarar til sakshandsamarstillinga som vart lyst ut i 2017.

Vidare har ein i snitt hatt om lag 25 søkjarar på dommarfullmektigstillingane når dei vert lyst ut. Dette gjer at ein kan tilsette dommarfullmektigar med relativt lang røynsle som til dømes advokatar, slik at opplæringstida vert kort, og slik at dei kan dømme i alle saker dei etter lova har høve til å dømme i.

Mange av dei som søkjer, er fødd og har vakse opp i regionen og som ynskjer å flytte heim, eller som er sambuar eller gift med nokon som er herifrå og som ynskjer å flytte heim eller har flytta hit.

Dersom ein i kommunane i regionen har eit ynskje om å lokke til seg innbyggjarar med høgre utdanning, vil det å behalde tingretten i Volda kunne medverke til å lykkast med dette. Tingretten på Søre Sunnmøre har dei fem siste åra har hatt tilsette busett i Stryn, Volda, Ørsta, Herøy, Ulstein og Ålesund.

Det er ikkje empirisk grunnlag for å hevde at kvaliteten på dei tenestane som vert ytt i små domstolar, er dårlegare enn i dei større og utifrå søkjarmassa til våre ledige stillingar, kan det sjå ut som om vi har vel så gode kandidatar å velje mellom her i Volda som det dei har i Oslo.

Tingretten som utgangspunkt for lokalt næringsliv

Å vere dommarfullmektig hjå Søre Sunnmøre tingrett har synt seg å vere eit nyttig springbrett for å starte eigen advokatpraksis etter at dei var endt dommarfullmektig tid. Mange av dei advokatane som arbeider anten i eige firma eller i advokatfirma etablert i Eiksundregionen har vore dommarfullmektigar ved Søre Sunnmøre tingrett.

Tingretten gjev advokatar og eigedomsmeklarar i rettskrinsen oppdrag som bustyrarar i konkurs og ektefelleskiftesaker og som medhjelparar i tvangssal.

Tingretten er **såleis eit svært viktig utgangspunkt** for eit juridisk kompetansemiljø og advokatane i rettskrinsen støttar difor aktivt opp om tingretten. Sjå vedlagde skriv d.s. 01.03.2018.

Etter at Domstoladministrasjonen sitt forsøk på å legge ned tingretten i 2015, vart stansa politisk, har det kome til fleire nyetableringar og utvidingar av advokatkontor i rettskrinsen (mellom anna har Judicia opna kontor i Ørsta, Øverby Gjørtz har utvida i Ørsta og Holvik&Angelshaug har etablert seg i Volda).

Det er ofte tilreisande både advokatar, partar, vitner, sakkyndige og andre aktørar i samband med avvikling av rettsaker. Desse bur på hotella i rettskrinsen og nyttar seg av dei øvrige servicetilboda vi har som butikkar, cafe, restaurant med vidare.

Det er såleis ikkje berre dei statlege arbeidsplassane ved Søre Sunnmøre tingrett som ved denne **utgreiinga er sett i spel**, men også i stor grad vilkåra for vekst og utvikling av eit næringsliv i heile Eiksundregionen. Utviklinga i Eiksundregionen er i stor grad bygt på eit

velfungerande samkvem mellom den maritime næringa på ytre delen av «Eiksundregionen» og industrien i Ørsta på den eine sida og dei offentlege/statlege arbeidsplassane i indre del av regionen (les; m.a sjukehus, Helfo, høgskule, lånekasse og tingrett) på den andre. Avstandane i regionen og Eiksundsambandet har gjort det mogleg å pendle mellom dei ulike kommunane. Dette har såleis sikra kompetanse både innanfor offentlig og privat næring, og gjort sitt til at m.a. familiar med høg utdanning har kunna flytta attende til regionen og fått arbeid for bae partar.

Kommunen er difor svært kritisk til at prosessen om omorganisering ikkje legg opp til å involvere det lokal/regionalpolitiske nivået, men framskundar strukturutgreinga og tilsynelatande ynskjer å overstyre prosessen for å unngå at Stortinget får ei felles sak til handsaming.

Nærleik til brukarane

Tingretten har fleire besøkjande kvar dag som kjem innom med spørsmål knytt til skiftespørsmål i samband med dødsfall, som ynskjer rådgiving i korleis ein skal gå fram i sivile saker, notarialtenester eller har andre spørsmål.

Tingretten tilbyr og notarialtenester også til innbyggjarar utanfor rettskrinsen. I ein periode i 2013-2014 førte Søre Sunnmøre tingrett statistikk over kva kommune dei ulike som kom innom for notarialtenestar (ikkje vigslar) budde i. I tillegg til kommunane i rettskrinsen, kom det brukarar frå kommunar i Sogn og Fjordane, somme frå Hareid, og om lag 40% av dei som kom for å få notarialtenester budde i Ulstein kommune.

Notarialtenestar er det einaste området tingretten tilbyr tenestar, der brukarane sjølve kan velje kva for tingrett dei vil oppsøke. Søre Sunnmøre tingrett har såleis godt merka effekten av både Eiksundtunnellen og Kvivsvegen.

Kort reiseveg er viktig for å sikre god kvalitet på forklaringar frå vitne og partar. For mange vil det kunne vere ei belastning å møte i retten. Dersom ein i tillegg til dømes må overnatte på hotell eller reise i fleire timar før oppmøtetida, risikerer ein trøtte og uopplagte partar og vitne, noko som vil kunne ha innverknad på forklaringane som vert gitt.

Lokalkunnskap er også nyttig i fleire saker, mellom anna i skjøn der retten vert sett med skjønnsmedlemmar frå området, nettopp for å ivareta omsynet til lokalkunnskap.

Offentleg transport er per i dag heller ikkje så godt utvikla i vår del av landet at det vil vere uproblematisk å kome seg tidseffektivt heimafrå og til dømes Ålesund som vil vere alternativet til Volda, frå alle bygder og tettstader i rettskrinsen. Sentralisering av domstolane vil såleis også innebere ein miljømessig ulempe ihft dagens struktur.

Økonomiargumentet

På fleire og fleire område ser ein at staten skal spare på sentralisering og skyve kostnadane over på brukarane. Er det rett at det skal vere slik? Spørsmålet føreset i tillegg at det faktisk er noko å spare på sentraliseringa. Evalueringa frå 2010 som vart gjort av den førre strukturendringa i domstolane, viser vel nettopp at det ikkje er grunnlag for å hevde at strukturendring medfører økonomisk gevinst, tvert i mot. M.a. var kostnader relatert til auka reisetid for aktørar og vitner, miljøeffektar og andre samfunnsøkonomiske kostnader ikkje

teke med i den evalueringa. Ei sentralisering vil i alle høve skyve kostnadene over på brukarane.

Fråsegn frå div. advokatar

Rådmannen syner til vedlagde skriv frå div .advokatar d.s. 01.03.2018. Dette skrivet var sendt kommunen før Justisdepartementet bad om at spørsmålet om sjølv domstolstrukturen skal lyftast ut i eigen utgreiing.

I skrivet vert det peika på at tingretten;

- Har ein viktig og sentral funksjon for befolkninga på Søre Sunnmøre og at den er svært viktig for å oppretthalde eit godt advokattilbod for Søre Sunnmøre inkludert Ulstein og Hareid som i dag tilhøyrrer Sunnmøre tingrett sin rettskrins med rettsstad i Ålesund
- Velfungerande tingrett.
- Ut frå geografiske tilhøve vil det vere naturleg å utvide domstolgrensen for Søre Sunnmøre tingrett til også å gjelde Ulstein og Hareid.
- Ynskjeleg med samlokalisering av Søre Sunnmøre tingrett og Søre Sunnmøre jordskifterett.

Kommuneplanen – samfunnsdelen.

Sikre og utvikle Søre Sunnmøre tingrett vil vere lekk i å nå dei viktige strategiske mål/tiltak påpeika i handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel, som m.a:

- Kunne tilby ein variert arbeidsmarknad.
- Legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikle kompetansearbeidsplassar innanfor privat og offentlig sektor.
- Styrke og vidareutvikle bu- og arbeidsregionen

Vurdering og konklusjon:

Statsminister Erna Solberg sa m.a dette under presentasjonen av regjeringserklæringa i Stortinget 30. januar 2018:

«Regjeringen vil spre makt og myndighet. Norge er langstrakt og mangfoldig land. Utfordringene er ulike, innbyggernes ønsker og mål er forskjellige og forutsetningene for bosetting og verdiskaping varierer. Potensialet for utvikling skal ivaretas i alle deler av landet, i distrikter og i byer. Økt innflytelse for enkeltmennesker, familier og lokalsamfunn vil bidra til løsninger som er bedre tilpasset den enkelte.»

Dei statlege arbeidsplassane som tingrett, jordskifte, høgskule og sjukehus er grunnleggjande infrastruktur for å oppretthalde distrikt som enda har berekraft i samfunnet. Søre Sunnmøre er ein samlande bu, service og arbeidsregion der desse institusjonane saman med flyplassen er det som gjer at vi kan ha eit konkurransekraftig næringsliv og kan rekruttere kompetanse til regionen. Dersom ein tek vekk desse statlege hjørnesteinane ved å flytte dei til Ålesund som ledd i ei byregionsatsing, så får ein ikkje anna effekt enn at byen veks på bekostning av randkommunane. Det kan stillast spørsmål om den statlege forvaltningsreforma er administrasjonsstyrt ved at direktørar i direktorat mv styrer etter bedriftsøkonomiske prinsipp utan å sjå samfunnsutviklinga i heilskap. Derfor er det svært viktig at spørsmål om strukturendringar vert lyfta opp til politisk nivå og får sine avgjerder i Stortinget. Da får ein

iallfall ein test på kva utvikling regjering og Storting vil med utviklinga i ein region som t.d Søre Sunnmøre.

Med tilvising til utgreiinga ovanfor vil rådmannen tilrå at kommunestyret klart seier frå kva ein meiner om den prosessen som skjer med omsyn til organiseringa av domstolane.

I saksutgreiinga har rådmannen m.a. peika på nokre samfunnsmessige og regionale tilhøve som bør vektleggast i samband med arbeidet som pågår. Tingretten på Søre Sunnmøre spelar ei viktig samfunnsmessig rolle for heile «Eiksundregionen» og truleg etter kvart også mot Nordfjord. Rådmannen er redd denne rolla ikkje vert nok ivareteke slik prosessen no er lagt opp.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Domstolkommisjonen
Justisdepartementet
Søre Sunnmøre tingrett
Søre Sunnmøre jordskifterett
Ørsta kommune
Herøy kommune Sande kommune Vanylven kommune
Ulstein kommune
Hareid kommune



Kviteseid kommune

Ordføraren

VOLDA KOMMUNE
Stormyra 2
6100 VOLDA

Ordførar Jørgen Amdam

Dykkar ref: Vår ref:
2018/1762-1

Saksh: Tarjei Gjelstad,
35 06 81 06
tarjei.gjelstad@kviteseid.kommune.no

Arkivkode: Dato:
09.08.2018

Opprop domstolsorganisering og strukturendring

Domstolsadministrasjonen har i fleire år vurdert organisering og strukturendringar med mål om å arbeide meir effektivt, økonomisk innsparing og betre service. Det har skjedd endringar på fleire felt, og det har vore samanslåingar og samlokaliseringar av domstolar.

I 2014 vart det gjort eit forsøk på ein større strukturendring. Resultatet vart samlokalisering mellom fire tingrettar og jordskifterettar samt samanslåing av seks tingrettar til tre. Det vidare arbeidet med samanslåingar vart stoppa av Justiskomiteen sidan det ikkje var Stortingsfleirtal for å gjennomføre prosessen.

Etter den tid har Domstolsadministrasjonen jobba med felles leing, dvs. at ein domstolsleiar skal leie fleire domstolar. Leiinga blir ofte lagt til ein større sentral domstol med den verknad at den mindre lokale domstolen ikkje har ein leiar på staden.

I 2017 sette Justisdepartementet ned ein kommisjon med dette som mandat:

- *Domstolsoppgåver og organisering*
 - *Domstolens og dommerens uavhengighet*
 - *Saksbehandling i ankeinstans*
 - *Domstolsstruktur*

Tidsramma for kommisjonen er at den skal legge fram sitt arbeid i ein NOU august 2020. NOU skal vidare ut på høyring og eit endeleg vedtak blir fatta i Stortinget etter høyringa.

Tidlegare i år bestemte Justisdepartementet at spørsmålet om sjølve domstolsstrukturen skal lyftast ut i ein eigen utgreiing med frist allereie oktober 2019. Bakgrunnen for dette er at kommisjonen ynskjer ein raskare avklaring på antal domstolar og struktur fordi mange av dei tilsette føler usikkerheit. Arbeidet med struktur skapar så stort engasjement at det kan gå utover dei andre oppgåvene til kommisjonen meiner kommisjonen sjølv.

Ref: <http://rett24.no/articles/fremskynder-utredningen-av-faerre-domstoler>

Postadresse: Kviteseidgt. 13
3850 KVITeseID
E-post: post@kviteseid.kommune.no

Telefon: 35 06 81 00
Telefaks: 35 06 81 01
Heimeside: www.kviteseid.kommune.no

Bankkonto: 2660 07 00145
Foretaksnr.: 964 963 827

Som ordfører i ein liten kommune som har hatt tingrett (Vest-Telemark tingrett) og jordskifterett (Øvre Telemark jordskifterett) i generasjonar, føler eg at denne gong skal dei små domstolane organiserast bort og lokalisert saman med større. Kommisjonen sin samansetning og mandatet legg ingen tvil i kva som er målet, nemleg færre domstolar og meir felles leiing. Resultatet blir at distrikta mistar sin domstol og ein får ein sentralisering der samlokaliseringa blir lagt til ein større by.

Mitt mål er at ein har ein domstolsstruktur som dekker heile landet og at ein legg til rette for at distrikta får utført sine tenester utan at ein må reise store avstandar.

Kompetansesarbeidsplassar er viktig for distrikta. Ofte høyrer ein at det er vanskeleg å rekruttere fagfolk, men det finst ingen rapport som viser at det er vanskeleg å rekruttere til domstolane i distrikta. Husleiga er lågare i distrikta og ved større samanslåtte kontor må ein ha meir kontorplass som gje høgare husleige på stadar som allereie har eit høgt prisnivå.

Grepet som Domstolsadministrasjonen nå gjer med å framskande strukturutgreiinga og legge fram resultatet i 2019 eit år før NOU skal ut på høyring, er ikkje politisk bestemt. Eg føler at her prøver ein å overstyre prosessen for å unngå at Stortinget får ei felles sak til handsaming.

Eg håpar at de som mine kollegaer og som vertskommune for mindre domstolskontor, blir med på eit samla opprop. Oppropet vil bli sendt Justisdepartementet og Domstolsadministrasjonen. Oppropet vil òg bli sendt til leiar for Justiskomiteen samt Telemark sine politikarar på Stortingsbenken.

Ved å svar positivt på denne e-posten blir de med på oppropet. Ber om ein tilbakemelding innan 15.august 2018. Eg håpar òg at de som ordførarar tar kontakt med Stortingspolitikarar frå din region.

Vi krev:

- **Nei til raskare avklaring av ny domstolsstruktur. Kommisjonen skal fylgje det vedteke mandatet og framdriftsplanen, og legge fram ein samla NOU i august 2020.**
- **Ny domstolsstruktur skal handsamast politisk i Stortinget.**

Med helsing

Tarjei Gjelstad
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.

Justis- og beredskapsdepartementet
v. statsråd Sylvi Listhaug
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

SØRE SUNNMØRE TINGRETT - ENDRING AV DOMSTOLSGRENSER

Underskrivne advokatar som er brukarar av Søre Sunnmøre tingrett er kjent med at regjeringa i 2017 har sett ned eit utval som skal utgreie domstolane si organisering. Utvalet skal gje si innstilling til Justis- og beredskapsdepartementet innan 11. august 2020.

Vi meiner Søre Sunnmøre tingrett har ein svært viktig og sentral funksjon for befolkninga på Søre Sunnmøre.

Tingretten er også svært viktig for å oppretthalde eit godt advokattilbod for folket på Søre Sunnmøre. Vi viser til at dei aller fleste advokatkontor i Noreg er etablert i nærleiken av ein tingrett.

Søre Sunnmøre tingrett er etter vår erfaring velfungerande, men samanlikna med andre domstolar er den underbemanna. Mellom anna er det uheldig at den ikkje har tingrettsdommarstilling som den burde hatt i høve til saksmengde og det befolkningsgrunnlag den skal tene.

Utifrå dei geografiske tilhøva på Søre Sunnmøre er det naturleg å utvide domstolsgrensene slik at dei også omfattar kommunane Ulstein og Hareid. Domstolen vil då få eit befolkningsgrunnlag på ca. 50.000 noko som vil gje brukarane ei meir naturleg tilhøyrgheit med omsyn til reiseavstand.

Samfunnet har investert store midlar i betra infrastruktur på Søre Sunnmøre ved byggjinga av Eiksundsambandet. Dette har ført til at Ulstein og Hareid har fått fastlandssamband til Volda og kort reiseavstand til Søre Sunnmøre tingrett. Frå Ulstein og Hareid til Ålesund er ein derimot avhengig av ferje, og langt lengre reisetid.

Det er derfor naturleg at dette vert teke opp i samband med prosessen.

Det er vidare ynskjeleg at samlokalisering med Sunnmøre jordskifterett i Ørsta vert gjennomført og at dette vert teke med i vurderinga i samband med prosessen som no pågår i samband med nye lokale til tingretten.

Signert av desse advokatane, mars 2018, jf. vedlegg.

Espen Rekkedal
Sign.

Cathrin Lid Heilund
Sign.

Linda Brevik
Sign.

Cecilie Langva
Sign.

Thore Heggen
Sign.

Per Maurset
Sign.

Lars E. Sande
Sign.

Per Kjetil Stautland
Sign.

Nina Prestegarden Vatne
Sign.

Hege Stenkløv
Sign.

Reidar Blom
Sign.

Thomas Lundberg
Sign.

Roy Henning Haddal
Sign.

Atgeir Almestad
Sign.

Jørund Knardal
Sign.

Stad/dato..... Ørsta 1/3 - 18

Sign. 

ADVOKATFIRMA
ØVERBØ
GJØRTZ

Senioradvokat
Eспен Rekkedal
Vikegata 25, 6150 Ørsta
Mob. 957 77 108 - ere@ovgj.no
Org.nr. 917 088 128 MVA

Stad/dato. *Oslo 5/3-2018*

Catharina E. Lütke
Sign.

Stad/dato..... *Ustend 07.03.2018*

Yurda Brab
.....
Sign.

Stad/dato... *Oslo* *1/3-18*

... *Pålvi Kjør*
Sign.

Hornindal, 01.03.2018



Thore Heggen
advokat

Stad/dato. Volda 9/3 - 2018

Ber Maurt
Sign.

Stad/dato..... *Volda 7-18*

[Signature]
.....

Sign.
Lars E. Sande
Advokat

Stad/dato.....060318

.....
Sign. *[Handwritten signature]*




Stad/dato...Volda, 8/3-18

Nina P. Vatne


Sign.

Stad/dato Volda 08.03.18

Hege R. Stenklø
Sign.

Nordfjörðsdeild, 8. febrúar 2018

Advokat Reidar Blom


Stad/dato... VOLPA 8-03-2018



Sign.

TOVOLAT


Stad./dato. VOLDA 9/3-18

Sign. 

Stad/dato.....

Alida 9/3-18

Sign.




Stad/dato.....Volda, 9.3.2018

.....
Sign. Jørund Knardal

Advokat
JØRUND KNARDAL





HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga Sakliste for ungdomsrådet

saksnr arkiv avd /sakshandsamar dato

Det vert halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 24. januar kl 17.00

Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi starta med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.

Til stades: Helena, Mathias, Christine, Jørgen, Helene, Celina. Maria, Sigve

Sak 17/17-18 UKM-2018. Kven gjer kva?

- Maria: Scenejury, Ingeborg: kunstjury, Celina, Filip, Christine: Opptre. Torgeir og Mathias: Scenearbeiderar. Helene og Helena: Billettar (døra)

Sak 18/17-18: Ungdata-samling på Fosnavåg konserthus 15.februar. Kva er ungdomsrådet si oppgåve her?


Herøy ungdomsråd såg igjennom invitasjonen og kva spørsmål som skulle besvarast. Diskuterte kring tema.

Ref: Mona

Eileen Gjerde

Mona Ryssevik

Kopi:
Arnulf Goksøyr
Eileen Gjerde



HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga
Sakliste for ungdomsrådet

saksnr arkiv avd /sakshandsamar dato

Det vart halde møte i Herøy ungdomsråd onsdag 21. mars kl 17.00

Stad: Herøy rådhus. Møterom 1

Vi starta med litt informasjon, mat og prat før det ordinere møtet.

Til stades: Helena, Mathias, Christine, Torgeir, Helene, Celina, Ingeborg

Sakliste:

**Sak 19/17-18 Evaluering av Ungdata-samling på Fosnavåg konserthus 15.februar.
Gjennomgang av tilbakemeldingar.**

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2016/1669
		Arkiv:	C10

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

Postadresse:
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Postmottak@heroy.kommune.no
Telefon: 70 08 13 00
Telefaks: 70 08 13 01

www.heroy.kommune.no
Org. nr: 964 978 840
Bankgiro: 6566.05.01376

UNGDATA-UNDERSØKINGA I HERØY. OPPFØLGING ETTER SEMINAR.

Tilråding:

Herøy kommunestyre ynskjer å legge til rette for tiltak for å betre dei unge sine oppvekstvilkår i Herøy kommune.

Av tiltak som vart foreslått på Ungdata-seminaret at kommunen kan gjere, vil kommunestyret arbeide vidare med desse tiltaka snarleg:

1. Sjå på strukturen i ungdomsrådet og vurdere om det bør setjast opp som eit ordinært politisk organ, på lik linje med t.d. eldrerådet og råd for funksjonshemma.

- Einaste skilnad på strukturen i ungdomsrådet i forhold til eldrerådet og råd for funksjonshemma er at for dei andre råda er det fellessekritæriet som sender innkalling og fører protokoll.

2. Invitere ungdomsrådet til dialog med aktuelle kommunale organ for å få til møteplassar for ungdom i tråd med dei ynskja som er signalisert i gruppearbeidet.

- Kva meinast her? Herøy ungdomsråd ønskjer at Fritidsklubben skal ha meir opningstid og ha fleire aktivitetar

3. Etablere ei dialogplattform med ungdomsrepresentantar og andre aktuelle aktørar. Dialogplattforma skal arbeide vidare med tiltak i ungdomsarbeidet.

- Kven er aktuelle aktørar? Og kva tiltak i ungdomsarbeidet er det snakk om?

Herøy ungdomsråd ønsker å invitere Camilla og Tanja til neste møte for å snakke meir om dette

4. Vurdere kollektivtilbodet og gjere eksisterande tilbod meir kjent gjennom kommunen sine kanalar.

5. Skule/helse vurderer om enkle grep kan betre tilhøva med helsestasjon/helsesøster som er signalisert i gruppearbeidet.

I samband med budsjettarbeidet for 2019 vil kommunestyret vurdere muligheita for å få følgjande tiltak inn i budsjettet for 2019:

1. Midlar til tilrettelegging for «SFO»/lekseplass på kulturhuset.

Herøy ungdomsråd syns SFO er heilt feil namn

2. Midlar til auke av hall-kapasiteten (er under arbeid).

Kva hall?

3. Midlar til tilrettelegging for fleire møteplassar for uorganisert aktivitetar for ungdom.

Herøy ungdomsråd stiller seg bak dette

4. Midlar til etablering av mobbeombud / fokus på tiltak mot mobbing

Korleis er dette tenkt? Er det ein ekstern sakkyndig som skal inn på skulane? Herøy ungdomsråd håper på det.

Ungdomane har også gitt tilbakemelding om tiltak som ligg på sida av kommunen sine ansvarsområde. Av desse oppmodar kommunen til følgjande:

Næringslivet:

Oppmodar næringslivet om å legge til rette for lærlingeplassar, sommar- og deltidsjobbar for ungdom, også ung ungdom. Dette vil bidra til læring, ansvar og muligheter for ungdom.

Oppfordrar til rausheit med å sponse gode prosjekt som kjem all ungdom i Herøy til gode, også utanfor organisert idrett.

Oppfordrar bedrifter til å invitere skulane/ungdomane på omvisning i bedrifta og til å delta på skulearrangement for å vise fram kva mulegheiter ungdomen har for framtida i Herøy.

Lag og organisasjonar:

Oppmodar all organisert idrett i Herøy om å utøve sitt virke i tråd med visjonen «Idretts glede for alle» i idrettspolitisk dokument 2015-2019.

Ref Mona

Kopi:
Arnulf Goksøyr
Eileen Gjerde

Fra: Sigurd Teige[sigurd@teige.com]
Sendt: 29.11.2018 15:13:06
Til: Jarl Martin Møller; Olaus-Jon Kopperstad; Arnulf Goksøyr
Kopi: Terje Mork; Jan-Terje Teige
Tittel: Etablering av pelagisk fiskemottak på Mjølstadneset.

Vedr. Industrietablering Mjølstadneset

Vi viser til tidligere møter og korrespondanse i overnevnte sak.

Vi vil herved meddele Herøy Kommune at vi utfra en helhetlig vurdering ikke lenger har kapasitet til å prioritere overnevnte prosjekt. Utfra dette ønsker vi heller ikke lenger å opprettholde vår reservasjon av industriområdet.

Dette til Deres orientering.

Med vennlig hilsen
Sigurd Teige

KASTON AS

+4791369300 / st@kaston.no / kaston.no

NOTAT

Til: Formannskapet
Kommunestyret

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr
2017/1006

Arkivkode
Q13

Dato
16.11.2018

NÆRØYKRYSSET - STATUS PR. NOVEMBER 2018

Det blir innleiingsvis vist til K-sak 143/17 i kommunestyremøtet 5.12.2018. Der blei det gjort følgjande vedtak om trafikktryggingstiltaket Nærøykrysset – mellombels tiltak:

- *Herøy kommune godkjenner gjennomføringsavtalen mellom Herøy kommune og Statens vegvesen Region midt.*
- *Ordfører får fullmakt til å signere gjennomføringsavtalen på vegne av kommunen.*

Statusen i prosjektet pr. november 2018:

Tiltaket er i 2018 tilnærma ferdig prosjektert. Det er i samband med prosjekteringa utarbeidd kostnadskalkyle, som er høgare enn tidlegare antatt. Med bakgrunn i dette, søkte ein Statens vegvesen om at stønadsbeløpet for trafikktryggingstiltak 2018 blir vidareført til 2019. Samtidig blei det søkt om tilleggsmidlar for 2019, slik at prosjektet blir 50/50 finansiert.

Fylkestrafikktryggingsutvalet hadde møte 6. november 2018, og i vedtaket der ligg Nærøykrysset på 1.plass på fordelingslista over store tiltak. Så sant dette også blir vedtatt i Fylkestinget i desember 2018, har anlegg og drift som mål at tiltaket vert utlyst på anbod.

Med helsing
Eldar Hansen